

Uppgåva i FON 6, feltarbeid,
Lingvistisk institutt,
Universitetet i Nidaros,
hausten 1994.

KOKSKRÅL OG SPYNORSK

Tvo etterrøknader um haldningar til dei norske skriftmåli.

Jardar Eggesbø Abrahamsen

«Dog jeg aksepterer at andre bruker dette kunstige språket, men jeg ser det som ren språkdiskriminering og intoleranse for anderledespratende/-skrivende å bli frastjålet tid til å lære noe så latterlig som et kunstig språk, — som *kun* er et religiøst innslag i de dialektene/sosiolektene vi har i Norge! [...] Det jeg ønsker er større frihet til å velge bort nynorsken for de som ikke har det språklige/kulturelle behovet for den dialektskriften.»

Alf Dagfinn Lynegard, 6. juni 1994

Fyreord

I denne oppgåva presenterar eg tvo undersøkjingar som eg hev gjort. Emnet for dei er haldningar til dei tvo skriftmåli i Noreg.

Den fyrste undersøkjingi (kapittel 2) vart gjennomført i Nidaros hausten 1993 millom studentane på universitetet der. Ho tek utgangspunkt i ein konkret påstand um språkhaldningar i universitetsmiljøet, og gjerer nytte av ei heller brokut samling med spørsmål knytte til prestisjeumgrepet.

Den andre undersøkjingi (kapittel 3) byggjer dels på den fyrre. Ho vart gjord millom norskstudentane i Volda hausten 1994, og ho hev eit mykje mindre umfang enn den fyrste. Volda-undersøkjingi er forvitneleg nok i seg sjølv, og eg vil difor presentera resultatet av henne lika sjølvstendigt som Nidaros-undersøkjingi. Ei årsak til at eg tek henne med i same oppgåva, er at ho inneheld nokre spørsmål som ikkje var med i Nidaros-materialet. Samstundes var tilfang og utval av informantar onnorleis i Volda enn i Nidaros, og vinklingi i analysen måtte då verta ei onnor i skulebygdi enn i skulebyen. Soleis skulde dei tvo undersøkjingane utfylla kvarandre: Den fyrste dreier seg spesifikt um høvet millom tvo deilder ved eit universitet, den andre er meir generell, um so ogso dén tek utgangspunkt i eit studentmiljø.

Eg vil med dette takka Anders Bjøru og Hjalmar Eiksund for praktisk hjelp under informantjakti i Nidaros. Ogso takk til Arne Kjell Foldvik for å hava gjeve meg det sparket som sette meg i gang den gongen.

Nidaros, 1. desember 1994
Jardar Eggesbø Abrahamsen

1. Innleiing

1.1. Generelt

Sidan 1885 hev det vore offentleg jamstelling millom tvo skriftmål i Noreg, dei gjeng no under nemningane *bokmål* og *nynorsk*. Trass i dei mange åri som er gjengne, hev me framleis mykje kiving og kapping dei tvo brukargruppene imillom, og me møter ikkje sjeldan både avisinnlegg og meir munnlege meiningsytringar um emnet. Som ventande er, er det den største gruppa som gjerer mest av seg, og slik kann ein få inntrykk av at «alle» meiner noko um nynorsk, medan «ingen» meiner noko um bokmål.

Sidan debatten um dei tvo målformene då generelt plar dreia seg meir um nynorsk enn um bokmål, vil det truleg vera mest å henta av haldningar til nynorsk, og dette er sjølv sagt ogso det mest freistande. Eg vil likavel prøva å konsentrera meg um begge måli.

1.2. Metode og andre fyremerknader

Det finst tvo hovudtradisjonar i definisjonane av kva ei haldning er, noko som ogso røyver ved språkhaldningar: den behavioristiske og den mentalistiske. Fasold (1992:147f) gjev eit lite yversyn yver dei, men vigjer største plassen til umtalen av dei praktiske metodane.

Eg er i godt selskap når eg hev landa på ei mentalistisk vinkling. Etter behavioristisk syn vil einaste etterrøkjingsmåtane vera å observera åtferd utanfrå, og åtferdi vil sjølv vera haldning. Mentalistisk vurderer vil derimot åtferdi vera ei *ovring* av haldningane, eventuelt ein *delkomponent* (den **konative**), alt etter korleis ein vel å strukturera forståingi si i ein gjeven situasjon. Dei tvo andre komponentane som er vanlege å reikna med, er den **kognitive** (som hev å gjera med sakkunna og korleis dén spilar inn) og den **affektive** (reint kjenslesamt). Ei språkhaldning vil då vera høvet millom desse tri komponentane og korleis dei ovrar seg.

På dette grunnlaget hev det ikkje vore uvanlegt å leita nett etter kva folk *meiner* um ulike mål, ein hev vore på jakt etter estetiske vurderingar og prestisjeverdiar (eg vil kika nærare på prestisjeumgrøpet i avsnitt 1.3). I tvispråklege samfund med eit skilje millom «høgspråk» og «lågspråk» hev ein òg vore interessera i bruksumrådi/domeni åt måli. Um eit mål vert bruka i «galen» situasjon, vil ein leggja merke til det og gjerne reagera, anten ein finn det komisk eller usømelegt.

Her skulde det høva å peika på at dei tvo norske skriftmåli — i alle høve offisielt — hev ei sams domeneavgrensing. I Noreg vil ein helst nytta skriftspråki i skriftlege samanhengar, berre i høgtidlege fall i munnlege forum. I praksis ser me dei tvo måli i stort sétt dei same funksjonane, men likavel i ulik grad. Etter ein behavioristisk forståingsmåte hev me å gjera med haldningar når det på kjøtkakeinnpakningane berre finst bokmål, medan ei mentalistisk vinkling heller ser på det som eit interessant fenomen som *kann* vera *uttrykk* for språkhaldningar. Ein slik mentalistisk teori vil verta styrkt når ein observerar at jamvel Nordfjord kjøtt nyttar bokmål

på denne måten. Dette til tross veit me at den eine målformi er brukande til det same som den andre er.

Eg valde i begge undersøkingane å nytta spyrjeskjema med hovudsakleg predefinera spørsmål. Opne spørsmål hev den fyremunen at informantane kann uttrykkja seg fritt, men dette kann verta både tunt og lite dersom informantane ikkje kjenner seg spesielt motivera i augneblinken. Det kann òg vera store individuelle skilnader på kor godt folk klarer å uttrykkja seg. Spørsmål med gjevne svarhøve fjernar slike feilkjeldor og gjerer attpå materialet enklare å taka fyre seg. Diverre kann dei òg verka slik at ein skuvar svari inn i båsar som ikkje alltid passar heilt for den som skal segja kva han meiner.

Eit anna vandumål med skjema — og onnor direkte utspyrjing — er at me alltid vil få *sjølvrapportering* til svar. Det er ei kjend sak at sjølvrapportera *språkbruk* ikkje er til å lita på, og at han eignar seg best til å mæla prestisje (nærare sagt språkleg identifikasjon, sjå avsnitt 1.3) når ein samanliknar det sjølvrapportera med det faktiske. Kvifor skulde ein lita noko meir på sjølvrapportera *språkhaldningar*?

Her kjem me igjen burt i definisjonen av ‘språkhaldning’. For språkbruken gjeld det eit skilje millom det sjølvrapportera og det faktiske. Kann me segja det same for haldningar? Dersom folk meiner seg å meina noko um ei sak, so skulde det vel ikkje vera vandt å få dei til å kryssa av på det svaret som meiningi deira ligg nærast?

Eg vel å godtaka meiningar som språkhaldningar, anten dei no hev rasjonelt eller irrasjonelt grunnlag, eller um ein vil: kognitivt eller affektivt. Den tredje komponenten, den som hev med åtferd å gjera (den konative), legg eg altso ikkje vekt på i mi forståing av ‘(språk)haldning’, då i motsetnad til Joshua Fishman. Fishman (1968; her attgjeven frå Fasold 1992:154) vilde kontrollera dei sjølvrapportera etnisitetshaldningane hjå puertoricantarar i byen Ny-York ved å bjoda dei inn til ein puertoricansk kulturkveld:

If a person answered the questionnaire in a way that indicated pride in being Puerto Rican and then attended the evening's activities, her attendance would be an indication that her answers to the questionnaire were valid.

Det skulde vera god grunn til å vera samd i denne tanken, men motsett vert det verre. Dersom informanten *ikkje* kom på arrangementet, so kunde det hava mange årsaker, det trong ikkje berre koma av haldningar andsynes den etniske bakgrunnen. Etter gjengs vitskapsfilosofi (les: Popper) kann ein ikkje verifisera noko, i høgdi berre falsifisera. Dette gjeng att i formuleringi «would be an indication» i sitatet yver. Det einaste som kunde verka falsifiserande (og dermed ålment «vitskaplegt»), når ein held seg til positivistisk inspirera etterprøvnader som Fishmans), vilde vera um det dukka upp på tilstellinga ein informant som hadde sagt seg skamfull yver etnisiteten sin.

Når eg då vel å sjå det kognitive og det affektive under eitt, so skulde eg vera på ein etter måten fast grunn med spyrjeskjemaet mitt, um han so er noko umkjempa. Den store innvendingi er at grunnen er fast takk vere ein modellintern definisjon, nemleg at eg vel å ikkje

skilja millom kjenslor og sjølvkunna. Sjølvrapportera haldningar kann vera uttrykk for *ynskte* haldningar eller reaksjonsmynster som informantane gjerne skulde havt, men som dei likavel (medvite eller umedvite) hev vanskar med å stetta. Informantane kann òg *tru* at dei hev dei og dei kjenslehaldningane, utan at det tarv vera rett: Høvet millom den affektive og den kognitive komponenten kann also vera lika problematisk som høvet millom den affektive og den konative komponenten.¹ Slik vil mælingane mine liggja i grenselandet millom det kognitive og det affektive.

Eg vil trekkja inn andre, undersøkingsspesifikke vanskar og feilkjeldor under innleidingi til kvar av undersøkingane.

1.3. Prestisje

Her skal eg peika på eit problem ved umgrøpet ‘prestisje’. Det er ein viss tendens i litteraturen til at dette ordet vert nytta med ei meir eller mindre intuitiv forståing, men eg hev sjeldan sétt det definera eller problematisera.

Det er vanlegt å forklåra endringar i dialektane som utslag av prestisje. Dersom eit utkantmål vert likt eit sentrumsmål, er det prestisjen til sentrumsmålet som gjerer det; dersom dialekten vert lik ein dialekt som *ikkje* er typisk urban, so er det snakk um «løynd prestisje» (mot «open prestisje»).

I ein slik ordbruk ligg det ein definatorisk vannytte: Ein kallar det prestisje av eitt eller anna slag straks dialekten endrar seg, men ‘prestisje’ vert sjølv ikkje definera.

Helge Sandøy (1989:245f) er ein av dei som hev freista å definera ‘prestisje’, men heller ikkje han klarer det lytelaust. Lat det fyrst vera sagt at han i dei sitera avsnitti um emnet berre opererer med ‘prestisje’ utan å skilja millom ‘open’ og ‘løynd prestisje’. Som me vil sjå, kjem han inn på den løynde prestisjen seinare.

Han peikar på (s. 146) at å definera ‘prestisje’ som ein funksjon av påverknad er ei ringslutning: Ein forklårar påverknad med prestisje og definerar ‘prestisje’ som påverknad:

Vi må definere ‘prestisjespråk’ uavhengig av ‘påverknad’. ‘Prestisjespråk’ må vere det språket/den dialekten som er rekna som «mest korrekt» og «mest sosialt akseptert». Kva dialekt som er oppfatta slik, kan vi undersøke på uavhengige måtar, f.eks. holdningsgranskingar [...]. Dei fleste stadene vil det vere eit bokmålsliknande talemål.

Her vert ‘prestisje’ definera som ein funksjon av ‘domene’ («mest korrekt», «mest sosialt akseptert»). Når prestisjeformene hev samanheng med bokmål, forklårar han dét (s. 247) med at «skriftmålet gir ei språkform prestisje p.g.a. sin overdialektale funksjon».² Etter

¹Høvet millom den affektive og den konative sida ved språkhaldningar må t.d. problematiserast i undersøkingar som nyttar para utklædnad (eng. «matched guise», norsk term etter Venås 1991:251). Para utklædnad eliminerar det kognitive, men det er eit veikt punkt med alle metodar at det affektive ikkje kann studerast på anna enn indirekte måtar.

²Han skriv ikkje noko um kvifor ikkje nynorsk hev same prestisjen (nynorsk er no òg eit skriftspråk). Men som

ein slik definisjon treng ikkje prestisjedialektar hava so sterk påverknadskraft: «Vi ser ofte det motsette,» skriv han (s. 246), men i det same skjer kollisjonen:

[...] det nedvurderte gatespråket f.eks. er mangstad sterkt ekspansivt. I ei gransking i Årdal i Bygland kom det fram at dei fleste meinte stasjonsbymålet i Byglandsfjord var «styggare enn bygdemålet», bygdemålet var «meir korrekt». Men likevel er det *den nedvurderte sentrumsdialekten* [mi uth. — JEA] som gjør inntog i bygdene ikring. (Nersten 1967.) Det same fann vi i Os i Hordaland der bergenske dialektformer har fått sterkt innpass. Men det kjem likevel fram i ei holdningsgransking at endatil dei som har lagt om språket sitt, har ei positiv holdning til det eldre bygdemålet. Bergensk og austlandsk har derimot låg prestisje. (Aarset 1974:198.)

At mislikte sentrumsmål gjerer innhogg, skjer andre stader òg, m.a. i Herøy og Sande på Sunnmøre, der det er sterke negative haldningar til Ålesunds-målet, som likavel spreider seg (Abrahamsen 1991:26f og passim). Men kann ein setja likskapsteikn millom ‘mislikt’ og ‘lågprestisje’? Karakteristikken «stygg» i sitatet yver er estetisk, gjerne motivera av naboopposisjon og gruppekjensla.

Då hev me tvo definisjonar av ‘prestisje’ som sprikjer. På den eine sida er sentrumsmålet skriftmålsnært, noko som gjev det prestisje. Denne definisjonen er tufta på domeneumgrøpet. Den andre definisjonen gjev sentrumsmål *lågprestisje* når dei er mismætte. Denne definisjonen er tufta på estetiske vurderingar. Betre vert det ikkje av at estetiske vurderingar etter moderne sosiolingvistisk syn byggjer akkurat på prestisje, slik at prestisjemål ogso vert likte.

Dette må ein kommentera med nokre retoriske spørsmål. For det fyrste: Er det ikkje slik at ein ogso vil segja at t.d. Oslo vest-målet er «korrekt» (fordi det er skriftmålsnært) sjølv um det er Oslo aust-målet som spreider seg? Og for det andre: Dialekten i Vest-Telemark vert av folk frå det sentrale Austlandet ofte karakterisera som klangfullt og vakkert. Gjev dette dialekten der prestisje? Og kva då igjen med Oslo aust, som *ikkje* vert reikna som vakkert? Vesttelemålet vert vel heller ikkje reikna som «korrekt», og det spreider seg ikkje?

Mitt framlegg til løysing på problemet er å strukturera ‘prestisje’ som samansett av dei tri komponentane ‘rettskap’ (hævleik: domenefunksjon etter formalitetsaksen), ‘mætnad’ (umdøme: estetisk funksjon) og ‘tilknytnad’ (vyrndnad: sosialpsykologisk identifikasjonsfunksjon). Den siste kjem noko på sida, og høver betre som forklåringsfaktor på samspilet millom dei tvo fyrste. ‘Rettskap’ og ‘mætnad’ vil til saman svara til ‘open prestisje’ og ‘tilknytnad’ til ‘løynd prestisje’, med den presiseringi at open og løynd prestisje kann vera både like og ulike. Der dei er like, vil me ikkje hava problem når det gjeld t.d. språkleg påverknad, og språkbruken vil retta seg etter det vyrde, godmætte og «hæve» målet; der dei er ulike, vil dei i den samanhengen føra til krysspress, og ofte er det tilknytnaden som vinn, som me såg i Sandøy-dømi yver. Sandøy nemner då òg den løynde prestisjen som definera ved gruppesolidaritet (med referanse s. 252 til Trudgill 1974), og nemner som norsk døme ein

medlem av det norske samfundet kan ein lett tenkja seg at det kjem av at bokmål er det dominerande språket, samstundes som det i praksis er språket til dei sentrale institusjonane i norsk nasjonalt samfundsliv (storparten ligg i Oslo).

replikk frå Tønsberg i Gulbrandsen (1977): «Vi snakkær jo stygt, — men vi kan jo ikke snakke sossespråk heller!»

No når ‘prestisje’ er dryft, kann eg endeleg slå fast at det ikkje kom på tale å undersøkje den løynde prestisjen spesielt. Løynd prestisje er gruppeavhengig og hev mykje å gjera med gruppetilhøyrsla, medan den opne prestisjen er noko som alle i språksamfundet¹ kjenner til; begge er då kollektive storleikar. Eg avgrensa meg til å sjå på den «samla» *prestisjen* ved å samla inn opplysningar um *individuelle haldningar*. Det er ein samverknad millom dei tvo hovudkomponentane i prestisjen, og i sum vil dei visa oss — ikkje at dét eller hitt språket hev prestisje — men *kor stor skilnad* det er på prestisjen til dei tvo språki. Slik kann me t.d. spyrja um bokmål er pent eller stygt, sameleis um nynorsk. Eit slikt spursmål er estetisk, og den estetiske vurderingi er avhengig både av den relative domeneverdien (‘rettskap’) og identifikasjonen med språket (‘tilknytnad’).

Eg skal *ikkje* freista å finna samverknadene millom dei ulike komponentane, og eg skal ikkje utdjupa denne prestisjemodellen meir. I desse undersøkjingane er eg berre ute etter å sjå på den relative prestisjen dei tvo måli imillom, og då gjerne ogso etter dei sosiale aksane *høgskule* (i Nidaros) og *kyn*, som fyrr skrive.

¹Eg skal ikkje problematisera ‘språksamfund’. Hudson (1980:25ff) gjerer det.

2. Nidaros-undersøkjingi

2.1. Generelt

Som nynorskbrukande student i ein bokmålsdominera by fekk eg tidleg eit inntrykk av at nynorsk vart sétt på som eit merkelegt språk¹; og frå kompetent hald vart det sagt at um stoda for nynorsken er gali på AVH, so er ho endå verre på NTH — «gali» og «verre» må lesast med eit uakademisk smil. Hausten 1993 fekk eg høve til å sjå litt nærare på dette, men materialet som eg samla inn, låg ei tid unytta. Her skal eg gjera greide for det som eg fann.

I innleidingskapittelet såg eg på ein del prinsipielle vanskar og feilkjeldor ved haldningsundersøkjingar av dette slaget. Endå eit veikt punkt er informantane. Ein kjenner til at gjentor og gutar ofte hev ulik målføring, dei oppfører seg ulikt andsynes språk, og det er ikkje noko som skulde tyda på at det er noko onnorleis når det gjeld haldningar til språk. Eg hev nett nemnt at me eg venta oss ein skilnad millom Den allmennvitskaplege høgskolen (AVH), som hev humanistisk orientera studentar (i alle fall på Dragvollen, der undersøkjingi vart gjord), og Noregs tekniske høgskole (NTH). Det ideelle er då å undersøkja gutar og gjentor på begge høgskulane.

Sidan tidi var knapp, vart det til at eg plukka ut 20 informantar på kvar av dei tvo høgskulane, lika mange av kvart kyn. Slik vart det 10 gutar og 10 gjentor frå AVH på Dragvollen, 10 gutar og 10 gjentor frå NTH på Gløshaugen. *Dette er lite*. 40 er meir enn promillen, og dét er betre enn sume politiske meiningsmålingar; men det er framleis eit so lite tal at små skilnader kann gjera store utslag. Kvar informant veg ikkje mindre enn 2,5%. Dei 40 informantane kann då ikkje representera den samla studentmassen utan atterhald. I det minste er det dei same informantane heile vegen, slik at samanlikningi millom ulike spursmål er viss; men kyn og skular imillom kann me berre sjå etter tendensar. For meg er dette godt nok. Det var ikkje meiningi å freista på ei full kartleggjing av haldningane, berre sjå etter um det fanst so markante tendensar som ryktet sagde. Her må ein difor òg taka umsyn til variablar som *alder*, *studieansiennitet*, *geografisk opphav* m.m. Dette vil eg gjera i nokre kommentarar undervegs i presentasjonen av resultatet.

Eg vilde sjå primært kvantitativt på haldningane. Ei meir kvalitativ tilnærming vilde kunna gjeva oss fleire kunnskarar um kva slags haldningar som finst — eg valde å taka utgangspunkt i dei haldningane som me allereide kjenner til, og då vilde ein kvantitativ analyse vera betre. Dette ligg implisitt i det eg skreiv yver um dei tvo aksane *kyn* og *skule*, og det var avgjerande for spursmåli på skjemaet.

Eit kvalitativt innslag vil me likavel hava. Eg kjem til å kommentera svari mykje meir individorientera enn i ein tradisjonell kvantitativ analyse. Dette er mogelegt når informanttalet er so lågt som det er, jamvel um det allereide er for mange til at ein kann gå so djupt som ein

¹Vel er ikkje denne rettskrivingi spesielt vanleg, men ho hev heller ikkje lege til grunn for desse vurderingane.

gjerne vilde.

Nokre av spørsmåli var forma ut slik at dei eignar seg for kvantitativ analyse noko betre enn hine spørsmåli. Dei er presentera til slutt i gjenomgangen, i avsnitt 2.2.4.

Alle informantane vart tilfelleleg utplukka på dei tvo kantinone. Ein plar reikna med ei feilkjelda i ynskte informantar som ikkje vil vera med på undersøkjingi, for då er ikkje informantane lenger representative (dei som trekkjer seg, kann hava ein personlegdom som opnar for andre haldningar enn dei som ikkje trekkjer seg). I mi undersøkjing sagde alle spurde ja til å vera med. Etter augnemål var det ikkje so stor kvantitativ skilnad på studentmassane på dei tvo kantinone, og på dette grunnlaget vert informantane meir representative. Inkje er då sagt um dei som ikkje sat på kantina.

So yver til det meir praktiske:

Skjemaet låg fyre på begge målformene og heldt seg godt innoom læreboknormalen. Informantane fekk sjølve velja kva mål dei skulde hava skjemaet på, og dei fylde det ut på kantina. Det kann liggja ei feilkjelda i at sume av informantane fylde ut skjemaet ved same bord, slik at dei kann hava påverka kvarandre aktivt ved samtalar eller passivt ved berre å hava vore til stades (sjå t.d. Sjølund 1985:58ff). Dette var det praktisk umogelegt å gjera noko med.

I tillegg til reint biografiske spørsmål (studium, kyn, hovudmål på vidaregåande, fødeår, oppvekststad og dialektbakgrunn) vart dei bedne um å vurdera målformene estetisk, dei vart spurde um humoristiske nemningar, og dei fekk uttala seg um praktisk språkpolitikk og domene for dei tvo måli.

Undersøkjingi gjekk fyre seg på AVH den 20. oktober og på NTH den 26. oktober 1993.

Med so få informantar kann ein aldri segja at det var god geografisk spreiding imillom dei, til dét er landet for langt. Største opphopingi finn me millom gutane på AVH, der 5 var frå Nidaros i Sud-Trøndelag, 1 frå Orkdal, 1 frå Oppdal og 1 frå Midtre Gauldal i same fylket. Attpå alt gjekk 4 av dei 5 Nidaros-gutane på ex.phil., til liks med honom frå Oppdal. Dei tvo siste gutane på AVH var frå Troms. Denne gruppa er ikkje mykje heterogen! Hine gruppone (gutar NTH, gjentor NTH og gjentor AVH) er meir variera i samansetnaden.

Til saman hadde me denne geografiske samansetnaden:

- Akershus: 1 gut NTH
- Vestfold: 1 gjenta NTH
- Telemark: 1 gut NTH, 2 gjentor AVH
- Buskerud: 1 gut NTH, 1 gjenta NTH
- Hedmark: 1 gjenta NTH, 2 gjentor AVH
- Vest-Agder: 1 gut NTH, 1 gjenta NTH
- Rogaland: 2 gutar NTH, 3 gjentor NTH
- Møre og Romsdal (alle Sunnmøre): 1 gjenta NTH, 3 gjentor AVH
- Sud-Trøndelag: 1 gut NTH, 1 gjenta NTH, 8 gutar AVH, 1 gjenta AVH

- Nord-Trøndelag: 1 gjenta NTH, 2 gjentor AVH
- Nordland: 1 gut NTH
- Troms: 2 gutar AVH
- Finnmark: 2 gutar NTH

Alderssamansetnaden var slik:

Gutar AVH: 1956	Gjentor AVH: 1968	Gutar NTH: 1967	Gjentor NTH: 1964
1965	1968	1969	1970
1969	1969	1970	1972
1969	1972	1970	1972
1969	1972	1971	1972
1970	1972	1971	1972
1971	1973	1972	1973
1974	1973	1972	1973
1974	1973	1972	1973
1974	1973	1974	1973

Tvo av gutane på NTH (1971 frå Drangedal i Telemark og 1974 frå Klepp i Rogaland) og éi av gjentone på AVH (1972 frå Notodden i Telemark) hadde nynorsk som hovudmål på vidaregåande, resten bokmål. Me ser at gjentone er gjennomgangande noko yngre enn gutane.

2.2. Gjennomgang av skjemaet

Det er mogelegt å samanlikna svært mange punkt med kvarandre, og det finst eit utal av kombinasjonar. Det segjer seg sjølv at det er umogelegt å skriva ei full jamføring millom alle punkti; eg vel å samanlikna det som vil tykkjast meg mest relevant i augneblinken, men eg er merksam på at det alltid vil vera andre interessante jamføringar som ikkje vert gjorde. Slik er lagnaden når ein, som eg, vel å kombinera ein kvantitativ vinkel med ein kvalitativ, men med grunnlag i den kvantitative.

Eg kjem til å taka spursmåli i ei litt onnor rekkjefylgd her enn den som var på skjemaet, dette berre av omsyn til progresjonen i presenteringi.

2.2.1. Språkval og estetiske vurderingar

Den fyrste prøva vart ikkje informantane gjorde merksame på, og ho var meir behavioristisk vinkla: Informantane vart spurde um kva målform dei vilde hava skjemaet på. Alle gutane på AVH og NTH bad um å få skjemaet på ei viss målform. Med undantak av éin av dei tvo på NTH som hadde havt nynorsk som hovudmål på vidaregåande, bad dei um skjema på bokmål.

Nynorskgutten som bad um bokmålskjema, var han frå Drangedal. Truleg kjende han seg pressa av dei som sat rundt: Me skal koma attende til desse spørsmåli generelt, men han tykkjer nynorsk er finare enn bokmål, han tykkjer eigen dialekt er fin, og han er for sidemål og for nynorsk på fjerrsjonet.

Av gjentone på AVH var det 6 som bad um ei målform. Tvo av dei bad um skjema på nynorsk, den eine var ho som hadde havt nynorsk som hovudmål, den andre hadde, til liks med resten, havt bokmål til hovudmål. Dei 4 resterande gjentone på AVH bad ikkje um skjema på nokor målform.

På NTH var det éi gjenta som ikkje bad um nokor målform, resten bad um bokmål.

Dei som hadde havt nynorsk til hovudmål, bad altso um skjema på nynorsk, med eitt undantak på NTH. Då den andre nynorskgutten på NTH bad um skjema på nynorsk, vart det fleipa um dette av dei som sat rundt honom ved same bordet, utan at dette endra ynsket hans.

I tillegg til tvo av dei tri med nynorsk hovudmål var det ei bokmålsgjenta på AVH som bad um skjema på nynorsk. Gjentar var ogso dei einaste som ikkje brydde seg um målformi. Det er for spinkelt materiale til å segja noko um høvet millom nynorsk- og bokmålsbrukarar¹, men det ser ut til å vera større toleranse for nynorsk millom gjentar enn millom gutar, og mest millom gjentone på AVH.

Det fyrste språkhaldningsspørsmålet på skjemaet var ikkje knytt til skriftmål: «Kva meiner du um din eigen dialekt? a. fin; b. passe; c. stygg». Ingen kryssa av på «stygg». På begge skulane var det 7 gutar som svara «fin» og 3 «passe». Gjentone var litt meir spreidde, men med motsett tendens av gutane: På AVH var det 5 på kvart svar, på NTH 2 «fin» og 8 «passe».

Um ikkje gjentone er meir negative til eigen dialekt, so er gutane meir positive. Dette fell godt i hop med observasjonar elles, der gjentar ser ut til å identifisera seg med språklege framandgrupper meir enn det gutane gjerer.

So kom dei tvo fyrste spørsmåli um målformene: «Kva meiner du om bokmål?» og «Kva meiner du om nynorsk?» Dei hadde same svarhøvi som dialektspørsmålet, og dette er resultatet:

¹Eg kallar dei her «brukarar», utan garanti for at dei ikkje hev skift primært bruksmål etter vidaregåande. Sidan tvo av dei tri nynorskbrukarane bad um skjema på nynorsk, er det venteleg at dei framleis brukar nynorsk; det er verre å segja noko visst um bokmålsgjenta på AVH som bad um skjema på nynorsk, og nynorskgutten på NTH som bad um skjema på bokmål. Han er kommentera i hovudteksti yver.

	gutar AVH	gjentor AVH	gutar NTH	gjentor NTH
fint	6	2	3	3
passe	4	7	7	7
stygt	0	1	0	0

Tab. 1. Estetisk vurdering av bokmål.

	gutar AVH	gjentor AVH	gutar NTH	gjentor NTH
fint	4	5	4	4
passe	3	3	2	6
stygt	3	2	4	0

Tab. 2. Estetisk vurdering av nynorsk.

	Bokmål	Nynorsk
fint	14	17
passe	25	14
stygt	1	9

Tab. 3. Estetisk vurdering ved samla informantflokk

Når det gjeld bokmål, er gutar og gjentor på NTH samde, på AVH hev bokmål størst venleik millom gutane, medan gjentone er meir moderate («stygt»-gjenta hadde bokmål til hovudmål og bad ikkje um målform). Her kunde ein skulda på den skeive samansetnaden av AVH-gutar, men ser me på nynorsken, so er gutar og gjentor meir samde på AVH enn i bokmålsspursmålet, men dét mest takk vere gutane. Gutane på AVH meiner at nynorsk er mindre fint¹ enn bokmål. Gjentone på AVH set nynorsken um lag lika høgt som gutane, men dei tykkjer likavel at nynorsk er både finare og styggare enn bokmål. Gjentone sprikjer meir i synsskilnadene på dei tvo måli enn gutane gjerer. Hjø gutane er det ei rørsle nedetter, hjå gjentone i begge leidene. Merk at dei tvo spursmåli hev dei same informantane, og at dei soleis kann samanliknast direkte.

Gutane på AVH er meir positive til bokmål enn gutane på NTH, noko som kan hava å gjera med den skeive samansetnaden av AVH-gutar. Dersom det er den skeive samansetnaden som gjerer det, skulde me òg hava venta oss at AVH-gutane var meir negative til nynorsk enn NTH-gutane, sidan det er snakk um dei same informantane heile vegen. Men her er det faktisk berre ein liten skilnad: 3 AVH-gutar og 4 NTH-gutar svarar at nynorsk er stygt. Skilnaden er so liten at han ikkje kan telja i jamføring med den samla studentmassen, men i denne avgrensa flokken er han interessant nok.

Ogso på NTH ser me at gjentone er meir positive til nynorsk enn gutane, men i motsetnad til AVH hev me ikkje gjentor som tykkjer at nynorsk er stygt.

Skal me taka dette materialet som det er, so gjeng hovudskilnaden millom kyni, ikkje millom høgskulane. Er der ein skuleskilnad, so er han tydelegast for gjentone: På NTH er dei meir éinlita positive til nynorsk enn på AVH; på AVH sprikjer dei meir.

¹Ein veikskap kann vera at «fint» vert forstade som 'jålut', men vonleg hev informantane sétt svaralternativet i samanheng med dei tvo andre svarhøvi, og slik forstade at det er tale um 'fint' i positiv tyding. Slik me kjenner det norske språksamfundet, skulde det vel òg vera ei yverrasking um heile 17 av 40 såg på nynorsk som jålut.

Ser me på alderssamansetnaden på AVH-gutane, so var det dei yngste informantane (fødde 1974) som meinte at nynorsk var stygt, alle på ex.phil. Dei tvo andre ex.phil.-gutane er fødde i 1969 og svara «passe». 4 av dei 5 ex.phil.-gutane svara at bokmål er fint, éin at det er passe. Dei andre gutane, som anten var eldre eller var komne lenger i studiet, svara anten det same på begge målformene (2 «fint» og 1 «passe»), eller dei veksla millom dei to ikkje-negative nivå.

Ogso på NTH var det dei yngste gutane som meinte at nynorsk var stygt (3 fødde i 1972, 1 i 1970). Tvo av fire som svara «fint», var nynorskbrukarar (dei svara «passe» for bokmål), hine var fødde i 1970 og 1971. Dei eldste (1967 og 1969) svara «passe» på begge. Dei tvo bokmålsbrukarane som svara «fint», svara dette ogso for bokmål. Den tridje som meinte at bokmål var fint, svara at nynorsk er stygt, saman med nokre frå «bokmål er passe»-gruppa. Det var berre dei fire «fint»- og «passe»-gutane som svara likt på begge.

Alderen åt gjentone var jamt fordelt på begge skulane og på begge måli, men dei tvo AVH-gjentone som svara at nynorsk var stygt, var millom dei yngste (1972 og 1973). Éi AVH-gjenta svara «fint» for bokmål og «stygt» for nynorsk, éi «passe» og «stygt», tri (den eine med nynorsk hovudmål) svara «passe» for bokmål og «fint» for nynorsk, resten heldt seg på plass (1 «fint», 3 «passe»).

På NTH heldt 3 «fint»-gjentor seg på plass, og 6 «passe»-gjentor. Éi einaste gjenta der svara «passe» på bokmål og «fint» på nynorsk. Aldrane deira var jamt fordelte, men den eldste (1964) svara «fint» på begge.

Til oppsummering ser det ut til at det er dei yngste som ikkje liker nynorsk og dei eldste som liker det, i alle fall millom gutane på AVH. Der verkar det òg som studieansienniteten er minst lika viktug som alderen, sidan det var ex.phil.-gutane som gjorde dei største sprangi nedyver frå bokmål til nynorsk, og tvo av dei hørde til millom dei eldre informantane (1969). Soleis kann dette vera eit indisium på at utdanning kann føra til at ein godtek meir av slikt som ikkje er so mykje godteke elles. Her er det då den kognitive komponenten som gjerer utslaget (jf. 1.2 um det mentalistiske synet på 'haldning').

Denne aldersfaktoren ser òg ut til å gjelda for gjentone, men på AVH var dei meir rørsleføre enn i nokor av dei tri andre gruppone. Mest stabile var gjentone på NTH, som stort sétt svara det same for begge språki. Kann dette tyda på at gutar er meir upptekne av skilnaden millom dei tvo skriftmåli enn gjentone? Det stemmer med at det berre var gjentor som ikkje brydde seg um målformi på skjemaet. Men då skulde me òg kunna tolka rørsлоне slik at gjentone på AVH er meir upptekne av målformene enn gjentone på NTH; det er berre det at det var fleire gjentor på AVH som ikkje brydde seg um skjemaet enn på NTH.

Ser me på dei som ikkje brydde seg um skjemaet, so var dei meir positive til nynorsk enn til bokmål, dette gjeld begge skulane: På AVH var det fire slike gjentor, og dei gav desse svari um høvesvis bokmål og nynorsk: stygt og fint; passe og passe; passe og fint; passe og passe. Den skjemanøytrale NTH-gjenta svara passe og fint.

Truleg er det då rettare å segja at gjentone i utgangspunktet hev meir i seg av den

toleransen som gutane fær gjennom utdanningi (gjentone er «snilde»), men at gjentone samstundes er *meir* upptekne av målformene på AVH enn på NTH. At dei på AVH er meir upptekne, ser me på at dei svarar meir ulikt for dei tvo måli. Kann henda kann dette hava å gjera med at AVH-folket studerar filologiske fag, og at dei på den måten oftare fær aktualisera spursmål som hev å gjera med språk, kultur og toleranse. Dei som ikkje brydde seg um skjemaålet, synte då ikkje at dei var uupptekne, men at dei var meir tolerante, noko som igjen kom til synes i at nett dei var meir positive til det som er mismætt generelt i samfundet (nynorsk) enn til det som er «akseptera» (bokmål). At det berre var éi NTH-gjenta som ikkje bad um målform, kann motsett vera ei attspegling av at NTH-arar er mindre upptekne av slike spursmål i det heile teke.

At dei med nynorsk hovudmål stort sétt bad um skjema på nynorsk, treng ikkje verta tolka som mindre toleranse. Det kan lika gjerne vera snakk um at dei upplivde noko so sjeldsynt som at bruksmålet deira vart teke umsyn til, og i ein slik situasjon vil minoritetar gjerne ikkje vera likesæle. Undantaket er guten som truleg hev kjent seg pressa til å velja skjema på bokmål.

2.2.2. Domene og skulepolitikk

Fem andre spursmål på skjemaet handla um sidemålsordningi og um målformer i fjerrsjonsprogrammi «Detektimen» (som vel ikkje hev denne samletittelen lenger) og «Dagsrevyen». Dei tvo programtypene, underhaldning og nyhende, var valde med vilje, sidan dei er to svært ulike sjangrar.

Svarhøvi på dei fem spursmåli var «a. for; b. imot; c. veit ikkje». Dette saman med spyjemåten kann hava ført til ugrannsemd i svari. Dersom ein var likesæl, kunde ein hava svara både «for» og «veit ikkje», samstundes som «for» ogso kann hysa dei som hev ei medviti meining um saki. Det spyrst òg um ikkje dei på nær like spursmåli kann hava forvirra éin av informantane, éin av tvo NTH-gutar som er imot bokmål på Dagsrevyen. Han tykkjer nemleg nynorsk er stygt og bokmål fint. Det kann òg vera at han er for meir dialektbruk. Å vera imot det eine tyder ikkje å vera for det andre!

	gutar AVH	gjentor AVH	gutar NTH	gjentor NTH	til saman
for	5	6	3	4	18
imot	4	2	7	3	16
veit ikkje	1	2	0	3	6

Tab. 4. Sidemål på skulen.

Når det gjeld å vera for eller imot sidemål, so veit me frå all norsk måldebatt at det er ulike meiningar i dei tvo språkbrukargruppene. Dei som er imot sidemålsordningi, er ofte

bokmålsbrukarar, medan nynorskbrukarar til vanleg er for. Grunnen er openberr: Det er minoritetsmålet som hev mest å tapa på ei avskiping av sidemålet. Alle dei tri nynorskbrukarane her (2 gutar på NTH og 1 gjenta på AVH) er fylgjeleg for obligatorisk sidemål i grunnskulen.

Yver skreiv eg at gjentone er meir tolerante enn gutane andsynes minoritetsspråket, og at AVH-arar er meir upptekne av dei norske målspråksmåli enn NTH-arar. Som me ser, er det store skilnader millom kyni på NTH. Tvo av dei tri gutane som er for sidemål, er sjølve nynorskbrukarar, medan ingi av gjentone er det; trass dette er det fleire gjentor enn gutar som er for sidemål (rett nok berre éi meir, men tek ein umsyn til dei tvo nynorskgutane, vert det likavel stor skilnad), og det er dobbelt so mange gutar som gjentor som er imot. AVH-gjentone er endå meir positive til sidemål enn NTH-gjentone.

Tvilargruppone er til saman lika store på begge skulane, men det er flest gjentor som tvilar. Dette kann tolkast slik at gjentor hev mindre bastante meiningar enn gutar, noko som igjen kann tala for teorien um at det er ein samanheng millom toleranse for minoritetar og kognitiv mogning. AVH-guten som tvilar, er millom dei eldre informantane (1969), og er ein av dei tvo som svara at både bokmål og nynorsk er fint.

Den litle skilnaden på «imot»-gruppone hjå gjentone er truleg for liten til at ein kann samanlikna dei tvo skulane.

Dei gutane på AVH og NTH som totte at nynorsk var stygt, er alle imot sidemål. I tillegg kjem det nokre ifrå «passe»-gruppa. Det same gjeld for gjentone. Men på NTH er det éi gjenta og éin gut som svara «fint» som er imot sidemål. Guten svara «fint» på bokmål òg, medan gjenta meinte bokmål er «passe». Guten er fødd i 1970, og er soleis ikkje millom dei yngste, men dét er gjenta, fødd i 1973. Begge hev havt bokmål til hovudmål.

Dette kann visa at det er *sume* band millom estetiske og politiske vurderingar, men det er tydelegt at det ogso kann vera anna inne i bilætet. Det er vandt å segja um det er rasjonelle resonnement eller anna som ligg bak meiningane til desse tvo, for spursmåli mine er ikkje grannsame nok. For eit klårare svar skulde eg òg hava spurt etter andre sidor ved dei tvo målformene enn dei reint estetiske, t.d. um kor lette dei er å læra. Det kunde nok ogso hava gjort seg med eit utfyllande ope svar her.

	gutar AVH	gjentor AVH	gutar NTH	gjentor NTH
for	7	8	8	4
imot	0	0	1	0
veit ikkje	3	2	1	6

Tab. 5. Bokmålsk teksting av Detektimen.

	gutar AVH	gjentor AVH	gutar NTH	gjentor NTH
for	3	7	5	2
imot	4	1	4	2
veit ikkje	3	2	1	6

Tab. 6. Nynorsk teksting av Detektimen.

gutar AVH	gjentor AVH	gutar NTH	gjentor NTH
--------------	----------------	--------------	----------------

gutar AVH	gjentor AVH	gutar NTH	gjentor NTH
--------------	----------------	--------------	----------------

for	9	9	8	5
imot	0	0	2	0
veit ikkje	1	1	0	5

Tab. 7. Bokmål på Dagsrevyen.

for	4	8	5	4
imot	5	1	5	1
veit ikkje	1	1	0	5

Tab. 8. Nynorsk på Dagsrevyen.

	Detektimen, bokmål		Detektimen, nynorsk		Dagsrevyen, bokmål		Dagsrevyen, nynorsk	
	AVH	NTH	AVH	NTH	AVH	NTH	AVH	NTH
for	15	12	10	7	18	13	12	9
imot	0	1	5	6	0	2	6	6
veit ikkje	5	7	5	7	2	5	2	5

Tab. 9. Målform på fjerrsjonet, etter skule.

	Detektimen		Dagsrevyen		Samla snitt (av 80)	
	Bokmål	Nynorsk	Bokmål	Nynorsk	Bokmål	Nynorsk
for	26	17	31	21	71,3%	47,5%
imot	1	11	2	12	3,8%	28,8%
veit ikkje	12	12	7	7	23,8%	23,8%

Tab. 10. Samla informantflokk um målform på fjerrsjonet.

På spursmáli um fjerrsjonet er det meir nyttigt enn andre stader å sjå på den samla informantflokk, for her hev me fleire variablar å gå åt som kann variera i flokken. Hugs heile tidi at det alltid er tale um akkurat dei same informantane, so um dei ikkje kann representera andre so visst, so kann dei alltid representera seg sjølve. Samstundes må me framleis vera varsame med å setja for skarpe grensor millom «veit ikkje» og «for»: den fyrste kann hysa slike som ikkje hev noko imot den målformi i det programmet — spyrjemåten burde hava vore onnorleis. I eitt høve, ei gjenta på AVH, hev eg justera avkryssingi etter kommentarar som ho hev skrive attmed. På spursmáli um Detektimen kryssa ho fyrst av på «veit ikkje», på spursmáli um Dagsrevyen kryssa ho ikkje av på noko. I staden sette ho ein stor krullparentes på alle fire spursmáli og kommentera: «Ingen svar passer. Dårlige alternativer.» Ho teikna då upp ei eigi ruta og kryssa av «verken for eller imot». Desse fire hev eg då ført upp som «for» med tydingi 'godtek'.

Um me fyrst ser på høvet millom dei tvo skulane, ser me at det for begge programmi er ein tanke fleire på AVH enn NTH som er for både bokmål og nynorsk. Samstundes er det på begge skulane langt fleire som er imot nynorsk enn imot bokmål, ogso her på begge programmi. Elles må ein kunna segja at det er heller likt millom skulane.

Det var stort sétt dei same som var imot nynorsk i begge programmi. Den ekstra AVH-

guten som er imot nynorsk i Dagsrevyen, er uviss på Detektimen, det same gjeld den ekstra NTH-guten som er imot nynorsk på Dagsrevyen. Gutane på NTH svara elles likt på dei tvo spursmåli.

På AVH ser me at det er tri «veit ikkje»-gutar på nynorsk i Detektimen og éin på Dagsrevyen. Dei tvo som er burte, gjekk kvar til dei andre tvo svarhøvi, elles heldt gutane der seg i ro.

NTH-gjentone er òg heller stabile. Éi som er imot nynorsk på Detektimen, veit ikkje på Dagsrevyen, medan tvo gjeng frå «veit ikkje» til «for».

På AVH er det éi gjenta som ikkje veit på Detektimen, som er for nynorsk på Dagsrevyen. Elles svarar dei likt.

Me kann då segja at det er dei same som meiner det same um nynorsk i begge programmi. Tilveksten av «for nynorsk på Dagsrevyen» kjem frå «veit ikkje»-gruppa for Detektimen.

Når det gjeld bokmål, held alle gjentone seg på plass, undanteke éi gjenta på kvar skule som ikkje veit på bokmål i Detektimen, men som er for bokmål i Dagsrevyen.

Gutane rører meir på seg. På NTH er det éin gut som er imot bokmål i Detektimen. Han er for bokmål i Dagsrevyen. Dei tvo som likavel er imot bokmål i Dagsrevyen, er for og uvisse på bokmål i Detektimen.

På AVH er det tvo av dei gutane som er for bokmål i Dagsrevyen, som ikkje veit for Detektimen.

Det verkar som bokmål er mindre umstride enn nynorsk. For nynorsken var det meir trafikk millom dei tvo programmi for nynorsk enn for bokmål. Samstundes meiner gjentone meir det same um begge måli og programmi enn det gutane gjerer.

Me ser òg at meiningane er klårare når det gjeld Dagsrevyen enn når det gjeld Detektimen. Motstanden mot nynorsk er på lag lika stor i begge programmi, og ogso motstanden mot bokmål. Men begge målformene hev større oppslutnad i Dagsrevyen enn i Detektimen.

Det er stort samsvar i kven som er imot nynorsk og kven som er for bokmål i programmi. Er ein imot nynorsk, so er ein for bokmål. Einaste undantaket er Dagsrevyen millom gutane på NTH, der tvo av dei er imot både bokmål og nynorsk. Av desse er den eine uviss på begge Detektime-måli, den andre er for bokmål og imot nynorsk i Detektimen. I store drag er likavel resultatet som venta: Den som hev noko imot nynorsk, hev ikkje noko imot bokmål. Begge dei tvo gutane er imot sidemål og tykkjer at bokmål er fint. Han som er for bokmål i Detektimen tykkjer òg at nynorsk er fint, den andre tykkjer nynorsk er stygt.

Det var tri av informantane som hadde nynorsk til hovudmål på vidaregåande: ei gjenta på AVH og tvo gutar på NTH. Alle er for begge måli i begge programmi, berre den eine NTH-guten er imot bokmål i Detektimen. Det er vandt å segja kvifor han ikkje svarar det same på Dagsrevyen. Det er moglegt det avvikande svaret hans er meint som ein rein protest, ei onnor tolking er vand å finna, for dette er den nynorskguten som bad um skjema på bokmål.

Tri nynorskbrukarar av 40 informantar er svært lite å byggja på, men det kann verka som nynorskbrukarane hev lettare for å godtaka bokmål enn bokmålsbrukarane hev for å godtaka nynorsk. Sidan ein må venta at nynorskbrukarar er meir i kontakt med begge måli enn det bokmålsbrukarar er, kann dette vera ei onnor sida av same sak når Venås (1991:244) skriv at ved «psykologiske prøver har det vist seg at ein lettare lærer slikt som provar og styrkjer haldningar som ein har, enn slikt som går imot dei». Dette skulde ein gjerne hava røkt nøgnare etter.

I eit anna spursmålspar finn me ein studnad for teorien um at toleransen for eit skriftmål samsvarar med kor stor kontakt ein hev med det: «I kva situasjonar er du vanlegvis i kontakt med bokmål/nynorsk?» Svarei var slik:

	AVH		NTH	
	gutar	gjentor	gutar	gjentor
a. faglitteratur	10	9	9	8
b. skj.litteratur	8	8	4	9
c. aviser	9	10	9	9
d. radio/fj.syn	8	9	6	8
e. private brev	6	7	4	7
f. off. inst.	6	6	4	8
sum	47	49	36	49

Tab. 11. Kontakt med bokmål.

	AVH		NTH	
	gutar	gjentor	gutar	gjentor
a.	3	2	0	1
b.	5	6	3	7
c.	1	2	1	1
d.	9	10	6	10
e.	0	3	2	2
f.	2	2	2	0
=	20	25	14	21

Tab. 12. Kontakt med nynorsk.

	bokmål		nynorsk	
	gutar	gjentor	gutar	gjentor
a.	19	17	3	3
b.	12	17	8	13
c.	18	19	2	3
d.	14	17	15	20
e.	10	14	2	5
f.	10	14	4	2
sum	83	98	34	46
sum av sum:	gutar 117; gjentor 144			

Tab. 13. Samla kontakt med målformene.

På «skjønnlitteratur» var det presisera i parentes: «irekna teikneseriar og billegromanar». Under «offentlege institusjonar» hadde eg parentesdøma «universitet, lånekasse...».

Her er sjølvsagt inkje sagt um kor ofte eller kor lenge dei hev slike kontaktar med dei tvo målformene, og kvantifiseringi kann difor vera noko tvilsam. Gjeng me ut ifrå at desse feilkjeldone er dei same for alle dei fire informantgruppone, so er det fyrste me legg merke til, at gjentor er meir i kontakt med *begge måli* (nedste lina i tab. 13) enn det gutane er: Dei ligg 23,1% yver.

Fyrespranget deira er størst for nynorsk (nest nedste lina i tab. 13): For bokmål ligg dei 18,1% yver, for nynorsk 35,3% yver gutane.

Dette høver med at gjentone er meir tolerante andsynes nynorsk og mindre favoriserande generelt enn gutane, som me hev sétt på andre spursmål yver. Det kan vera vandt å segja visst um det er den breidare kontakten med skriftmåli som gjerer gjentone meir tolerante, eller um det er toleransen som gjerer at dei tillèt større kontakt med nynorsk, det kann gjerne verka begge vegane, og me kann risikera å enda upp med ein høna og egget-diskusjon. Eg vil lata både høna og egget liggja, men viser til vaneteorien som eg kom med i samband med fjerrsjonsprogrammi.

Alle dei tri nynorskbrukarane er i kontakt med nynorsk ved offentlege institusjonar, ogso han som bad um skjema på bokmål. Han kryssa òg av på «private brev» og «radio og fjerrsjon». So langt talar alt for at han verkeleg kjende seg pressa til å bede um bokmål på skjemaet.

Dei fleste spursmåli til no hev havt med domene å gjera, direkte eller indirekte. Det var endå tvo slike spursmål: «Kva er den beste målforma å bruke i dikt?» og «Kva er den beste målforma å bruke i faglitteratur/lærebøker?» Svarhøvi var «a. bokmål; b. nynorsk; c. ingen skilnad».

	AVH		NTH		samla	
	gutar	gjentor	gutar	gjentor	gutar	gjentor
a. bokmål	3	0	1	0	4	0
b. nynorsk	1	6	2	1	3	7
c. likt	6	4	7	9	13	13

Tab. 14. Beste målformi å bruka i dikt.

	AVH		NTH		samla	
	gutar	gjentor	gutar	gjentor	gutar	gjentor
a. bokmål	6	6	8	7	14	13
b. nynorsk	0	0	0	0	0	0
c. likt	4	4	2	3	6	7

Tab. 15. Beste målformi å bruka i faglitteratur/lærebøker.

Det var ikkje uventa at det skulde verta ulike tal for dei ulike sjangrane, jf. resultat for

fjerrsjonsprogrammi; det uventa ligg i tali for målform i dikt. Me er vane med å høyra at nynorsk er det mest lyriske språket, men her ser me at 65% av informantane meiner det ikkje er nokon skilnad. Nynorsk ligg rett nok høgt, med ein firedel av informantane, der det spesielt er gjentone på AVH som gjerer utslaget; men nynorsk hamnar framleis berre på ein andre plass — og bokmål hamnar sist. Me ser òg at det er fleire på NTH (16) enn på AVH (10) som meiner begge måli er lika gode; dette kann rett og slett vera eit utslag av at fagi og kanskje jamvel hugmåli på NTH gjev mindre rom for dikt enn stoda er på AVH.

Nynorsk hamnar absolutt sist når det gjeld lærebøker, det er ein tredjedel som meiner at det ikkje er skilnad, og kyni er samde seg imillom på begge skulane. Me kann likavel ikkje segja um dette hev med haldningar å gjera, spursmålet var ikkje formulera på rette måten: Ei av gjentone på AVH som svara «bokmål» på lærebøkene, kommenterar at det gjeld henne, «selvfølgelig», fordi ho hev bokmål som sitt mål.

Alle nynorskbrukarane (og bokmålgjenta med nynorskskjema) meiner at det ikkje er skilnad på måli i lærebøker; i dikt meiner dei nynorsk er best, undanteke nynorskguten med bokmålsskjema, som hamna på «ingen skilnad». Alle som meiner at bokmål er best i dikt, meiner ogso at bokmål er best i lærebøker. Dette er fire gutar, som alle meiner bokmål er finare enn nynorsk; tvo av dei meiner nynorsk er stygt, tvo at det er «passe». Resten av gjentone på NTH og gutane på begge skulane som meiner at bokmål er det beste i faglitteratur, meiner i hovudsak at det ikkje er nokon skilnad i dikt. Millom AVH-gjentone er mynsteret noko onnorleis, sidan det der er so mange som meiner at nynorsk er diktspråket.

Materialet er veikt, men det ser ut som um nynorskbrukarane hev lettare for å akseptera sidemålet i lærebøker («ingen skilnad») enn det bokmålsbrukarar hev (jf. fjerrsjonsprogrammi, der nynorskbrukarane, med eit veldigt stort atterhald, var meir sidemålsvenlege enn bokmålsbrukarane). Av dei 27 som svara «bokmål» på lærebøker var alle nynorskbrukarar; av dei 13 som svara «ingen skilnad» var 3 nynorskbrukarar og 2 bokmålgjentar (AVH) som ikkje bad um nokor målform på skjemaet. Resten av dei som ikkje gjorde skilnad i lærebøker, dei var alle bokmålsbrukarar, var éi gjenta og fire gutar på AVH. Dei meinte at nynorsk var fint (eine guten «passe»). Dette tyder òg på betre kår for nynorsk millom bokmålsbrukarar på AVH enn på NTH, medan bokmålet stend sterkt begge stader. Resultatet var meir diffust ved fjerrsjonsprogrammi. Dette kann koma av at fjerrsjonsprogram ikkje krev so mykje av ansen som ei fagbok gjerer; les ein til eksamen, er det best å lesa på det språket ein kjenner seg mest heime i. Det er ikkje rart at dette er bokmål for dei fleste. Interessant er likavel den skilnaden at det var 7 bokmålsbrukarar på AVH og 3 på NTH som svara at måli er lika gode i lærebøker. Tvo av dei fire NTH-gutane som meinte at nynorsk er fint, held på bokmål i lærebøker, begge bokmålsbrukarar; på AVH var det 3 av dei fire «fint»-gutane (ogso dei bokmålsbrukarar) som svara «passe» på lærebøkene. Er dette eit utslag av ein generelt større toleranse for nynorsk på AVH?

2.2.3. Aggressiv nynorskaktivisme

Undersøkjingi vart gjord nokre dagar etter at underskrivne saman med Sjur Nørstebø Moshagen hadde sett i gang det sosiolingvistiske eksperimentet å melda høgskuledirektøren på AVH til politiet for brot på mållogi; NTH-direktøren vart meld etter undersøkjingi. Eit sjølvskrive spørsmål var då dette: «Universitetet i Trondheim, AVH, er meldt til politiet for å ha brote mållova (mange skjema ligg føre berre på bokmål, dei skal liggje føre på begge målformene). Kva meiner du om dette?» — Svarhøvi var: «a. Det var på sin plass å gå til politiet; b. Det var tåpeleg å gå til politiet; c. veit ikkje».

	AVH		NTH	
	gutar	gjentor	gutar	gjentor
a. på sin plass	0	2	1	0
b. tåpelegt	7	5	8	6
c. veit ikkje	3	3	1	4

Tab. 16. Meldingi av AVH til politiet.

Gutane er i sum meir negative enn gjentone, noko som stemmer med det me hev sétt i dei andre spørsmåli. Eg vil likavel ikkje trekkja nokon målpolitisk konklusjon av svari på dette spørsmålet. Meldingi var for vår del inspirera av den einsidige neglisjeringi av nynorsk frå offentlegt hald; men informantane kann hava andre grunnar til ikkje å vera negative, slik som eine gjenta på NTH: «Synes ikke det var tåpeleg, men egentlig usedvanlig å gå til et så drastisk skritt». Svarhøvi ser dermed ut til å vera for lite nyansera. Dessutan ser me at det ikkje akkurat er mange som segjer at meldingi var på sin plass; den einaste trøysti for meldarane ligg i dei 11 som ikkje visste kva dei meinte.

Dei tvo gjentone på AVH som var positive, var ho med nynorsk hovudmål og ho med bokmål som valde nynorskskjema. Guten på NTH var nynorskbrukaren med bokmålsskjema, medan hin nynorskguten svara «tåpeleg».

Dei som ikkje visste kva dei meinte, var slike som meinte at nynorsk var fint eller passe, men tvo av gjentone på AVH meinte nynorsk var stygt.

Det ser ut som der er ein samanheng millom kva folk føler for nynorsk og kva dei meiner um meldingi, men atter ein gong er gjentone meir moderate.

2.2.4. Skjemting

Frå massemedia, t.d. NRK, er me vane med mykje lått kring nynorsk språk, me hev figurar som Sylfest Strutle som talar eit uskynelegt kaudervelsk med «nynorsk» hått; og i situasjonar

som er påteke kunstige, gjerer ein seg gjerne nytte av ein sers lytefull hypernynorsk¹, som under ei sending frå Amanda-festivalen i Haugesund, der eit innslag gjekk ut på at ein skulde «spila inn ein film» med handling frå ei eller onnor fjellbygd. I sketsjar og monologar vert nynorsken nytta som ein komisk rekvisitt på line med kostyme elles, då i motsetnad til verkemiddel i tekststruktureringi og ulike former for ironi. Stundom vert jamvel språket gjort til hovudpoeng, gjerne med stor lukka hjå publikum. Rekvisittar skal ein som ein hovudregel aldri gjera til hovudpoeng, då vert teksti for svak; men tydelegvis er det fullt mogelegt å gjera det med språk, og ein gamal revytekstforfattar lyt merkja seg reint skrivefagleg at dette er mogelegt.

Til no hev eg likavel ikkje sétt eit einaste språklegt revynummer der det er bokmål det vert halde lått med. Denne humorfordelingi speglar nok av styrketilhøvet millom dei tvo måli. Det hadde vore sosiolingvistisk interessant å sjå korleis folk vilde hava reagera dersom det vart presentera ein slik «motsett vits» t.d. på NRK. Når det ikkje hev bode seg eit slikt høve, må me heller slå oss til ro med ei spyrjeundersøkjing.

Siste spursmåli handla nemleg um korleis det vert skjemta um dei tvo målformene. På bakgrunn av dei observasjonane me hev gjort av massemedia og revynummer, skulde me venta at det vart skjemta mest um nynorsk. Spursmåli var: «Kjenner du til ‘skjemtenamn’ på bokmål (av typen ‘brokmål’)?» — og: «Kjenner du til ‘skjemtenamn’ på nynorsk (av typen ‘spynorsk’)?» Dømet «brokmål» laut eg laga meg, men «spynorsk» hev eg både sétt og høyr. Nemningi alluderar visst til Alf Helleviks *Nynorsk ordliste* («Spynorsk mordliste»), som er «spygul» på umslaget.

Det andre spursmålspar var: «Kjenner du til ‘bokmålske gloser’ (av typen ‘Jotunhjemmet’ for ‘Jotunheimen’)?» — og: «Kjenner du til ‘nynorsk gloser’ (av typen ‘ringebu’ for ‘telefonkiosk’)?» Eg hev høyr «ringebu» sjølv; «Jotunhjemmet» henta eg frå Blakar (1975:100)². Ein kann, med eit lite atterhald, reikna med at skjemtingi speglar av dei verdiane som ein assosierar med dei tvo målformene, og me fær dessutan litt farge på dei kvantifisera meiningane.

Informantane vart bedne um å ramsa opp dei ordi dei visste um. Diverre presisera eg ikkje at dei ogso måtte føra opp dømmeordi mine dersom dei hadde høyr dei fyrr; men statistikken tok visst ikkje so stor skade av det likavel:

	AVH		NTH		samla	
	gutar	gjentor	gutar	gjentor	informantar	tal på ord
bokmål	1	0	3	0	4	7

¹Som nynorskbrukar byr ein vel helst ikkje tala um «hypernynorsk», for fyrelekken «hyper-» tyder set fyre at me må samanlikna språket med noko anna enn nynorsken sjølv. Men som språkbrukar i Norig kann ein skyna ‘hypernynorsk’ som eit språk som for bokmålsbrukarar høyrrest yverdrive nynorsk ut, og som *samstundes* ikkje er røynleg nynorsk.

²Denne referansen er til sidetalet i den andre utgåva av boki. Boki er revidera sidan, og difor legg eg til at kapittelet heiter «Språkleg undertrykking eller undertrykking av språk». Delkapittelet gjeng under yverskrifti «Latteren som verkemiddel i språkstriden».

nynorsk	7	4	4	7	22	10
---------	---	---	---	---	----	----

Tab. 17. Informantar som kunde skjemtenamn på målformene; og tal på ord som dei kunde.

	AVH		NTH		samla	
	gutar	gjentor	gutar	gjentor	informantar	tal på ord
bokmål	2	2	3	4	18	4
nynorsk	0	1	5	4	10	14

Tab. 18. Informantar som kunde «glosor»; og tal på ord som dei kunde.

Det kann kanskje verka noko yverraskande at det ikkje var fleire som hadde ord å koma med, men hugs at informantane hadde dårleg tidi på seg, og soleis er ordi slike som dei fann spontant utan å tenkja seg for mykje um.

Det kann yverraska meir at folk fann so pass mange nemningar for og glosor på «bokmål». Røkjer ein nærare etter, so er det likavel stor skilnad på dei tvo utvali.

Bokmål fyrst: Andre nemningar for 'bokmål' er «dansk-norsk» (nemnt 1 gong), «fint Oslo-språk» (nemnt 1 gong), «unorsk» (1), «kvasinorsk» (1), «kokskråll» (1; dette er nynorsk guten med bokmålsskjema), «grautnorsk» (1) og «nissenorsk» (1). Sume reagerar kanskje på at «grautnorsk» er nytta um bokmål, sidan ein ofte høyrer det bruka um nynorsk; men ogso i mi nynorske grunnskuleklassa på Sunnmøre var «grautmål» eit skjemtefullt namn på bokmålet.

Bokmålske «glosor» er: «Trondhjem» (nemnt 8 gonger), «Ranhjem» (1), «Grønnekjær» (1) og «Majorstuen» (1).

Skal ein karakterisera dette tilfanget, so er dei fleste nemningane henta frå den krannglande sida av målstriden, resten er skjellsord («grautnorsk», «nissenorsk»), derimillom òg eit ord («kokskråll») som er laga ved fonologisk substitusjon der opphavsordet skin igjenom. Nemningi «fint Oslo-språk» er den einaste som hev å gjera med sosioøkonomisk klassifisering.

Glosone er stadnamn. Kann henda hev det å gjera med at eg nytta eit stadnamn i dømet; men sétt i samanheng med det tilsvarende spørsmålet um nynorsk skulde ein venta at folk skyna at eg var ute etter glosor generelt. Dei «bokmålske» stadnamni er laga ved direkte «umsetjing».

Nemningane for 'nynorsk' er: «grautmål» (nemnt 15 gonger), «grautnorsk» (1 gong), «spynorsk» (nemnt 5 gonger), «bygdemål» (1), «bondemål» (2), «bondespråk» (1), «bondelatin» (1), «fjosmål» (1), «utenlandsk ('snakk norsk!')» (1), «nydorsk» (1).

Nynorske glosor: «dritarstugu» (=‘toalett’; nemnt 1 gong), «raufoss» (=‘diaré’; 1), «slurpestaur med raparvatn» (=‘colaflaske’; 1), «rækvilevippar» (=‘gyngestol’; 1), «raukvilevippa» (2), «sjølvgåande romperistar» (1), «Ljosholmer» (2), «hjarteinganhaldar» (=‘pace maker’?; 1), «setlabok» (=‘lommebok’; 2), «pråmmsvødde» (1), «ringebu» (1), «kjærleik på staur» (1), «kvisleis» (1).

Ordi som skal skildra nynorsk, er henta frå heilt andre umkverve enn dei som skal skildra bokmål. Medan dei fleste bokmålsordi er henta frå turt halv- eller heilakademisk område, kann dei nynorske ordi setjast i noko saftigare grupper.

Nemningane kann me setja i tri hovudgrupper: skjellsord, ordspil og ord frå bygde- og bondesfæren. Dette svarar til nemningane for bokmål, som var skjellsord, eit tilfelle av fonologisk substitusjon, og «yverklassejåleri». Skal me abstrahera dei endå meir, kann me tala um lågstil, reint språklege verkemiddel og sosiale assosiasjonar.

Skjellsordi som er nytta um nynorsk, er: «grautmål», «grautnorsk» og «spynorsk» (òg ordspil). I alle fall i mitt talemål er «graut» eit skjellsord, meir eller mindre synonymt med «tufs»; og ordet vert meir vanleg nytta um noko som er uskynelegt eller dårlegt («det var berre grauten; han tala grautut»).

Språklege verkemiddel finn me i ordspili «spynorsk» og «nydorsk».

Dei sosiale assosiasjonane var altso bygde- og bondesfæren: «bygdemål», «bondemål», «bondespråk», «bondelatin» og «fjosmål». Desse assosiasjonsordi er langt fleire enn dei tilsvarande jåleriassosiasjonane for bokmål, noko som skulde tyda på at bokmål vert reikna som mindre sosialt markera, meir nøytralt enn nynorsk. Bygde- og bondenemningane er, slik dei til vanleg vert nytta i det norske språksamfundet, lika negative som den motsette jålingi, og me kjenner til at ord frå primærnæringane gjerne vert nytta um «udana» folk utan bokleg lærdom eller vanleg folkeskikk.

Samla skal då nynorsk vera målet til det dumme folket som ikkje eig folkeskikk, folket som talar eller skriv grautut og uskynelegt. Dette språket fær vanlege nordmenn til å spy. — Det er vel helst ironisk meint, men det er interessant at me ikkje fann ein tilsvarande nemningsbruk for hi målformi.

Glosone kan òg setjast i tri grupper. Den eine var den me fann for bokmål: direkte umsetjing, som me her slær saman med ordspil og kallar «språklege verkemiddel», som med nemningane. Dømi her er «ringebu», «Ljosholmer» og «kvisleis». Formi «Ljosholmer» (for ølmerket «Lysholmer») skriv seg frå ei nynorsk umsetjing av prislista åt Vinmonopolet lika fyre undersøkjingi. Saki vart slegi stort upp m.a. i *Adresseavisen*, som er største avisi i Nidaros. Formi «kvisleis» skal det visst vera humoristane Harald Heide Steen jr. og Rolf Wesenlund som innførde for nokre tiår sidan.

Nemningane hadde òg skjellsord («grautnorsk»), som me kalla *lågstil*. Her i glosone hev me vulgærord, og me grupperar dei på same måten: lågstil. Dømi er: «dritarstugu», «raufoss», «raparvatn», «rævkvilevippa(r)» og «romperistar».

Derimot finn me ikkje ord frå primærnæringane, men me finn ein spesiell type språklege verkemiddel, nemleg samansetjingar. Det komiske i desse samansetjingane kjem av tvo verkemiddel: Anten er ordlekkane henta frå svært ulike tydingsumkverve, eller so er dei lågstilord nytta um slikt som ein ikkje vilde hava nytta lågstil um. Samla kann me tala um semantiske kontrastverkemiddel. Dømi er «slurpestaur med raparvatn», «rævkvilevippa(r)», «sjølvgåande romperistar» og «kjærleik på staur» (som òg kann lesast vulgært!). Kann henda

kann ein ogso taka med «hjar-teiganghaldar» her som ei uvanleg samansetjing, men neppe som døme på semantisk kontrast. «Hjar-teiganghaldar» tykkjer eg heller ikkje er so morosamt som hine dømi, og det minner meir um slikt me fær høyra som skrekkdøme på antiengelsk purisme.

«Pråmmsvødde» hev eg ikkje funne tydingi til, men «setlabok» (normera «setelbok») er berre eit ord som ikkje er vanlegt i bokmål, og då heller ikkje i den norske språkverdi generelt.

Dei reinte språklege verkemidli saman med semantisk kontrast viser gjerne kor rart nynorsk er. At det er nynorsk som er rarast, og ikkje bokmål, hev nok samanheng med det me òg finn i etymologien til merkelappen «rar», som hev tydingi 'sjeldan'. Det ein ikkje er van med, hev ein gjerne ikkje so stor vyrndad for som det ein *er* van med; og det ein møter sjeldan, vert sétt på som undantak og avvik frå det som er normalt. Dette stemmer med det som me fann for dei andre spursmåli med.

So hev me lågstilglosone. Dei gjeng fint saman med inntrykket at nynorsk er språket åt folket utan folkeskikk, her medreikna språkleg folkeskikk.

Me ser at dei nynorske glosone hev mykje sams med slanguttrykk, og glosa «rumperistar» (i normalortografi) er då ogso kjend som eit vanlegt slanguttrykk for 'sykkel' i område av landet der ein veit kva ein grusveg er for noko. Skilnaden på skjemteglosor og slanguttrykk er likavel den at slangen nyttar ein «til sine egne» som del av daglegtalen i eit gjeve miljø, han er eit gruppekjennemerke med positive verdiar knytte til seg. Skjemteglosone vert derimot nytta som vitsar «um dei andre».

Skjemtingi um nynorsk, både nemningane og glosone, fortel oss då at nynorsk nærast er noko ekkelt og skitsamt som normale menneske helst byr halda seg undan. Skjemtingi um bokmål er mykje mindre krass.

Korleis kann dette hanga saman med nynorsk som eit godteke språk for dikt? Eg trur ikkje det er verre enn at det som er framandt, det kann verka både rart *og* eksotisk. Frå poesien veit me at det er det sjeldsynte og framande som hev størst effekt.

2.3. Uppsummering av Nidaros-undersøkjingi

Spursmålet var um haldningane til skriftmåli, spesielt nynorsk, er ulike på NTH og AVH. Undersøkjingi lid av fleire skavankar, ikkje minst gjerer homogeniteten millom gutane på AVH samanlikningi uviss når me hev havt so få informantar til rådvelde.

At nynorsk meir enn bokmål vert reikna som stygt, dét er éi sak. Det er òg ei sak at nynorsk litt meir enn bokmål vert reikna som fint, men her er skilnaden mykje mindre igjen. Derimot ser det ut til å vera på lag det same resultatet når me samanliknar dei tvo høgskulane med kvarandre.

I spursmålet um sidemål fær me eit anna bilæte. Her er det tydeleg best stemning for sidemålsordningi på AVH, og spesielt dersom me trekkjer frå dei tri nynorskbrukarane (1 gjenta på AVH og 2 gutar på NTH). Den estetiske vurderingi tarv då reinte kvantitativt ikkje hava so mykje å segja for politiske vurderingar av dette slaget; men kvalitativt, når me ser på

kvar einskild informant, er der til dels stort samsvar. Estetiske og politiske meiningar byr då haldast klårt åtskilde reint metodisk under granskingar som denne, samstundes som me skal merkja oss samspilet millom dei.

For fjerrsjonsprogrammi fann me ikkje akkurat skrøyvande skilnader millom skulane, og det same gjeld for dikt og lærebøker/faglitteratur. Einaste markante skilnaden er at nynorsk er betre i dikt på AVH enn på NTH. Haldningi til aggressiv nynorskaktivisme er ogso sams.

Ikkje eingong på spursmålet um skjemtenamn på målformene var det so store skilnader millom skulane kva gjeld *talet på informantar* som kunde koma med opplysningar. Men når me tek umsyn til *kvalitetsskilnadene* millom «glosone» på bokmål og nynorsk, kann me i praksis konsentrera oss um nynorskglósone. Då ser me ein tydeleg skilnad millom dei tvo skulane som me på bakgrunn av utgangspåstanden vår rett nok skulde hava venta: Det er dårlegare kår for nynorsken på NTH enn på AVH. Men dette er stikk i strid med dei fleste observasjonane elles! Det ser altso ut til at nynorsk ikkje er spesielt lite akseptera på NTH i høve til AVH, samstundes som det likavel vert skjemta meir um nynorsk på den tekniske høgskulen enn millom humanistane.

Me hev ogso registrera at på NTH vart éin av informantane truleg utsett for sosialt press for å velja skjema på bokmål, og ein annan vart det fleipa med då han bad um skjema på nynorsk. På AVH var det ingen som fleipa på denne måten, og der var det jamvel ei gjenta med bokmål til hovudmål som bad um skjema på nynorsk. På AVH var det ogso langt fleire enn på NTH som ikkje brydde seg um målformi på skjemaet.

Ja, då er det ein skilnad millom AVH og NTH, men han gjerer mest av seg i den konative komponenten av språkhaldningane: den konkrete åtferdi. Det kann verka som det er ein skeivskap i høvet millom tanke og handling når me samanliknar dei tvo skulane, i alle fall etter reint kvantitative mål. Me skal sjå i neste kapittelet at eit liknande fenomen dukka upp i Volda som rein kvalitativ respons på den undersøkjingi — der hadde eg ikkje lagt det til rette for nokor systematisk samanlikning millom det affektive og det (sjølvrapportera) konative.

3. Volda-undersøkjingi

3.1. Generelt

På regionale høgskular er det ikkje noko krav um å hava fyreprøvone i fonetikk og lingvistikk, heller ikkje um ein skal studera språkfag. Kunnskapen trengst likavel, og hausten 1994 fyrelas eg som timelærer for studentane på norsk (nordisk) grunnfag ved Høgskulen i Volda. Kurset vart lagt upp som intensivkurs yver éi og ei halv vika fyrst i semesteret, og største vekti vart lagd på fonetikk og fonologi. For å variera litt tok eg ogso med nokre andre emne, m.a. sociolingvistikk, og i det høvet vilde eg kveikja «den faglege hugen» åt dei rundt hundrad studentane ved å presentera deira eigne språkhaldningar for dei. Eit lite spyrjeskjema vart difor delt ut på fyrste fyrelesingsdagen, 29. august, og 84 svar kom radt inn. Då ser eg burt ifrå ei gjenta som atypisk nok hadde vakse upp i Bergen og Ålesund med både bokmål og nynorsk som hovudmål på vidaregåande — ho vart for vand å bæsa, og er difor ikkje med her.

Undersøkjingi måtte verta kvantitativt orientera, noko anna vilde hava vore lite praktisk i denne samanhengen. Sameleis måtte svari vera predefinera, elles vilde eg ikkje havt tidi til å systematisera dei fyrr fyrelesingsrekkja var komi til vegs ende. I tillegg til fem biografiske spørsmål (fødeår, kyn, geografisk opphav, dialektbakgrunn og hovudmål på vidaregåande) var der seks spørsmål knytte til haldningar og normer. Både informanttalet og utformingi av skjemaet gjerer det lite aktuelt med noko kvalitativt innslag, då i motsetnad til dryftingane i fyrre kapitlet, og eg vel difor å ikkje presentera noko slikt individualisera yversyn yver informantane som eg gav for Nidaros-undersøkjingi. Her skal eg berre nemna at dei fleste var fødde fyrste helvti av 1970-talet.

Dei 84 informantane hev denne skriftmålsbakgrunnen:

	nynorsk	bokmål
gutar	7	10
gjentor	30	37

Tab. 19. Hovudmål millom informantane i Volda.

Av bokmålsgutane var 2 frå Austlandet, 8 frå resten av landet; av bokmålsjentone var 11 frå Austlandet, 26 frå resten av landet. Til Austlandet reiknar eg her fylki Oppland, Hedmark, Buskerud, Akershus, Austfold og Vestfold. Frå desse fylki var det berre bokmålsbrukarar, burtsétt frå ein gut ifrå Vestfold. Til resten av landet reiknar eg desse fylki: Aust-Agder, Vest-Agder, Nordland og Troms, som berre hadde bokmålsbrukarar; Nord-Trøndelag, som hadde ein nynorskbrukar; og desse, som hadde både bokmåls- og nynorskbrukarar: Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Sud-Trøndelag. Andre fylke var ikkje representera. Fylkesvis var informantar og hovudmål fordelte

slik:

- Akershus: 2 gutar, bokmål; 2 gjentor, bokmål
- Austfold: 2 gjentor, bokmål
- Vestfold: 1 gut, nynorsk; 1 gjenta, bokmål
- Buskerud: 2 gjentor, bokmål
- Hedmark: 3 gjentor, bokmål
- Oppland: 1 gjenta, bokmål
- Aust-Agder: 1 gjenta, bokmål
- Vest-Agder: 1 gut, bokmål; 3 gjentor, bokmål
- Rogaland: 1 gut, nynorsk; 1 gut, bokmål; 1 gjenta, nynorsk
- Hordaland: 2 gutar, nynorsk; 2 gjentor, nynorsk; 1 gjenta, bokmål
- Sogn og Fjordane: 1 gut, bokmål; 7 gjentor, nynorsk
- Møre og Romsdal: 3 gutar, nynorsk; 4 gutar, bokmål; 18 gjentor, nynorsk; 16 gjentor, bokmål
- Sud-Trøndelag: 1 gut, bokmål; 1 gjenta, nynorsk; 1 gjenta, bokmål
- Nord-Trøndelag: 1 gjenta, nynorsk
- Nordland: 2 gjentor, bokmål
- Troms: 2 gjentor, bokmål

Fyremålet med å skilja Austlandet ut som eit eige område er å kunna røkja etter um det er geografisk avhengige haldningsskilnader. I og for seg er nok ikkje geografien interessant, men han er greid å handskast med som praktisk inndelingskriterium. Motivasjonen for inndelingi er då tufta på dialektbakgrunn, og me kunde hava gjort det på andre måtar, men éin måte måtte det verta, og då valde eg denne. Eit poeng er at hovudstaden Oslo med eit høvesvis «bokmålsnært»¹ talemål ligg på Austlandet.

Med so få gutar vil det vera mest å henta frå gjentone. Me må elles slå fast med det same at ein informantskare som denne ikkje vil vera representativ for folk flest. Det dreier seg um studentar, jamvel språkstudentar, og alle hev fenge «ja» på søknaden um å få studera i bygdi. På dette viset hev me å gjera med ei heller eins forsamling som på mange vis skil seg ut frå resten av folkesetnaden; men seg sjølve kann dei representera, og det er på denne bakgrunnen me må vurdera materialet.

3.2. Gjennomgang av skjemaet

¹Det er sjølvsagt ikkje nokon som talar bokmål til dagleg, sidan bokmål per definisjon er ein skriftnormal; men det er heller ikkje til å koma undan at bokmålet historisk byggjer på visse sosiolektar i området, og at nokre sentrale morfologiske trekk er sams for dialekten der og bokmål (t.d. reduksjon av vokalen i fleirtalsendingane til alle substantiv). Minst lika viktugt i ei sosiolingvistisk vurdering er den «folkelege oppfatningi» at «austlendingar talar bokmål».

Spyrjeskjemaet var samansett av nokre få spørsmål frå eit større skjema som atter byggjer på skjemaet som vart nytta i Nidaros året fyrr.

I motsetnad til fyrre undersøkjingi var der i denne ikkje fleire enn seks spørsmål som hadde med haldningar å gjera. Årsaki var at ho berre skulde fungera som avveksling i ei elles einsformig fyrelesingsrekke. Dette, saman med at det var mange fleire informantar, gjerer at det korkje vert aktuelt å jamføra dei ulike spørsmåli med kvarandre eller å taka fyre seg haldningane til éin og éin informant. Mælingane vert dermed reint kvantitative.

På denne bakgrunnen vil det ogso gjera seg betre her enn i Nidaros-undersøkjingi å nytta statistikk meir utstrekt. I praksis vil det segja at eg vil kika på standardavviket i dei tri spørsmåli der eg ser på snittverdiar (karaktergjeving til eigen dialekt, bokmål og nynorsk). Standardavvik er eit mål på kor stor spreidingi (spriket) i dei individuelle mælingane er i høve til snittet. Di mindre avviket er, di meir samla stend informantane, og di meir representativ for den samla informantmengdi er snittverdien. Med andre ord er dette ein måte å løysa problemet på at individi ofte forsvinn i statistiske snittverdiar; det er ei kvantifisering der me i Nidaros-undersøkjingi heller såg nærare på mange av einskildinformantane. Formelen eg vil nytta er den atterhaldne:

$$\sigma = \sqrt{\frac{\sum_{i=1}^n (x_i - \bar{x})^2}{n - 1}}$$

3.2.1. Estetiske vurderingar

Dei tri fyrste spørsmåli byrja alle med «Kva meiner du om...». Det fyrste av dei ende med «din eigen dialekt», det andre «bokmål» og det tridje «nynorsk». Som i Nidaros-undersøkjingi var svari ogso her predefinera, men valhøvi var onnorleis enn sist. I staden for å velja millom karakterane «fint», «passe» og «stygt» fekk informantane denne gongen setja ein ring rundt eit tal på ein skala frå 1 til 5, der 1 var det «stygt» og 5 var «fint». Med andre ord vart det her lagt til tvo millomkarakterar. Likavel: Um det ikkje er kommentera i fyrre kapittel, so byr det vel kommenterast her at ein kann sjå det som eit vandumål at det ikkje fanst noko «veit ikkje»-svarhøve. På ei onnor sida skulde ein venta at dei som ikkje hev nokor meining, skulde gjeva «passe» i Nidaros (der svarhøvi var «stygt — passe — fint»). Men her, i Volda, er det talkarakterar ute og gjeng, og då segjer det seg ikkje sjølv at karakteren i midten («3») skal vera synonym til «passe». Ein kann lika gjerne gjeva «5». På ei tridje sida igjen kann me i landet vårt med retto venta at folk flest meiner noko um både skriftmåli og dialekten sin. Når eg skriv «flest», kjem det av at ein av nynorskgutane ikkje svara på desse tri spørsmåli, men kommentera at han ikkje kunde definera eit språk som fint eller stygt. Eg hev teke meg den fridomen å definera denne kommentaren som «3».

Spørsmålet um dialekten kjem noko på sida av hovudemnet for denne oppgåva, men eg skal likavel leggja fram svari på det. Sidan me hev fleire tal her enn i Nidaros, vil eg gjeva det

ein eigen tabell. I tabellen stend målformene for hovudmålet på vidaregåande. Gjentone med bokmål som hovudmål hev eg i tillegg delt inn i tvo geografiske grupper, jf. avsnitt 3.1. Dei andre informantane var det liten vits i å dela upp slik, gutane fordi dei var so få, nynorskjentone fordi dei alle var frå andre luter av landet enn Austlandet. Tali i tabellen er snittkarakterane:

	nynorsk	bokmål	gjentor, bokmål	
gutar	3,57	3,90	Austlandet	landet elles
gjentor	4,23	3,70	3,82	3,65

Tab. 20. Vurdering av eigen dialekt, snittverdiar.

	nynorsk	bokmål	gjentor, bokmål	
gutar	0,79	0,82	Austlandet	landet elles
gjentor	0,82	1,08	0,98	1,13

Tab. 21. Vurdering av eigen dialekt, standardavvik.

Eg vil ikkje gjeva for mykje gaum på gutane, sidan dei er so få. Likavel slær det ein at av alle kategoriene informantar er det nynorskjentor som tykkjer best um eigen dialekt, og det med eit heller lite standardavvik i høve til andre gjentor. Gutane, få som dei er, hev òg eit heller lite standardavvik; nynorskgutane hev gjeve dialekten sin lægst karakter av alle, medan bokmålgutane ligg yver bokmålsgjentone. Likavel: Nynorskjentone ligg suverent på topp.

Me legg ogso merke til at av bokmålsgjentone er det austlendingane som hev den høgste karakteren og det lægste standardavviket, men for begge gruppone hev me altso ein lægre karakter og eit høgge standardavvik enn for nynorskjentone.

Eg vil lata dette ganga inn som ein interessant observasjon, men vil ikkje kommentera det nærare.

Dei tvo neste spørsmåli galdt bokmål og nynorsk, med den same karakterskalaen som for dialektane. Ei bokmålsgjenta frå Møre og Romsdal lét vera å gjeva karakter til bokmål. Eg tolkar dette som nøytralitet og definerar det vantande svaret til karakteren 3, som guten yver. Ei nynorskjenta hev gjeve nynorsk både 4 og 5. Dette les eg som snittet av dei tvo: 4,5.

	nynorsk	bokmål	gjentor, bokmål	
gutar	3,29	4,20	Austlandet	landet elles
gjentor	3,29	3,95	4,45	3,73

Tab. 22. Vurdering av bokmål, snittverdiar.

	nynorsk	bokmål	gjentor, bokmål	
gutar	0,49	0,79	Austlandet	landet elles

gjentor	0,90	0,81	0,69	0,78
---------	------	------	------	------

Tab. 23. Vurdering av bokmål, standardavvik.

	nynorsk	bokmål	gjentor, bokmål	
gutar	3,29	3,50	Austlandet	landet elles
gjentor	4,42	3,43	3,45	3,38

Tab. 24. Vurdering av nynorsk, snittverdiar.

	nynorsk	bokmål	gjentor, bokmål	
gutar	0,76	0,71	Austlandet	landet elles
gjentor	0,85	1,04	1,04	1,06

Tab. 25. Vurdering av nynorsk, standardavvik.

Tek me fyrst fyre oss *bokmål*, so ser me at det stend klårt sterkast millom bokmålsbrukarane, spesielt millom gutane, dersom me skal taka med dei. Det noko meir interessante er kann henda at det er so stor skilnad internt millom dei bokmålsbrukande gjentone. Dei på Austlandet gjev ein langt betre karakter til bokmål enn dei frå andre luter av landet. Skilnaden er faktisk større enn millom nynorskgjentor og snittet for bokmåls gjentor. Samstundes ser me at karaktergjevingi stend meir samla på Austlandet enn millom bokmåls gjentone i landet elles. Denne fylkjingi kring ulike karakterar gjerer då òg at spreidingi for det samla snittet millom bokmåls gjentor er større enn for kvar av gruppone for seg.

Samstundes ser me at nynorskgjentone er meir spreidde i vurderingi av bokmål enn bokmåls gjentone er. Nynorskgjentone bruka alle stigi i karakterskalaen, bokmåls gjentone (begge gruppone) nytta 3, 4 og 5, men ikkje 1 eller 2. Dette kann ein tolka som at bokmål, jamvel um det i snitt er dårlegare likt millom nynorskgjentor, likavel hev ein viss posisjon millom dei, i at dei ikkje er éintydigt negative. Det er ikkje nokor sjølvmotsegjing i dét, det er berre tale um å sjå samspilet millom individ og kollektiv utan å drukna seg i tal og utreikningar.

Held me oss framleis til gjentone, so er tendensen den spegelvende for vurderingi av *nynorsk*. Her er det nynorskgjentone som gjev den beste snittkarakteren, jamvel slik at karakteravstanden til bokmåls gjentone er større her enn under vurderingi av bokmål. Nynorsk karakteren frå nynorskgjentone er på høgd med bokmåls karakteren frå bokmåls gjentone på Austlandet.

I standardavviket med er stoda motsett her samanlikna med bokmålsspursmålet. Det er nynorskgjentone som stend mest samla, bokmåls gjentone er meir usamde um karakteren (og dei tvo gruppone er lika usamde). Bokmåls gjentone på Austlandet og nynorskgjentone nyttar karakterane frå 2 til 5, bokmåls gjentone i resten av landet nyttar ogso karakteren 1; men millom nynorskgjentone er det ein klår dominans av karakteren 5 (18 gonger av 30).

Den lægste nynorsk karakteren var det nynorskgutane som gav. Dei stod tolleg godt

samla: Éin gav karakteren 5, resten 3 (medreikna honom som eg hev definera svaret frå til «3»). Hugs likavel at det er svært få gutar med i undersøkjingi, og at me difor ikkje kann lita på resultatet anna enn som ei mæling av dei sju gutane åleine.

I alle fall millom gjentone er det ein klår samanheng millom eigi målform og den estetiske vurderingi, slik at dei gjev gode karakterar til sitt eige skriftspråk og dårlegare til det andre. Bokmålgjentone gav på lag same karakteren til nynorsk som nynorskgjentone gav til bokmål, og nynorskgjentone gav på lag same karakteren til eigi målform som bokmålgjentone på Austlandet gav til si målform. Dei som skilde seg ut her, var bokmålgjentone frå resten av landet. Noko kann det sjølv sagt koma av at «resten av landet» er stort, og at det skulde vera grunnlag for skilnader etter fleire sosioøkonomiske aksar. Men me kjem likavel ikkje undan at ogso nynorskbrukarane er geografisk heller spreidde. Eg vil ikkje spekulera i kva som ligg bak eit slikt resultat. Me må ikkje gløyma at det er ein sosialt noko spesiell informantskare, som kommentera yver; men samstundes skulde vel studentane vera lika mykje studentar same kva målform dei skriv.

Tek me med gutane, og framleis ser på kva informantane sagde um si eigi målform, so kann det sjå ut som um bokmål er eit «gutespråk» og nynorsk eit «gjentespåk». Gutane skal me likavel vera varsame med å taka med, sidan dei er so få.

3.2.2. Sidemål

Næste spørsmål var: «Kva meiner du om sidemål på vidaregåande?» Svarhøvi var predefinera til «for — imot — veit ikkje». Me kjenner att dette spørsmålet med svari frå det fyrre skjemaet, der eg slo fast at det kann vera «*sume* band millom estetiske og politiske vurderingar, men det er tydelegt at det ogso kann vera anna inne i bilætet». Det ligg ein skilnad i at dette spørsmålet spesifiserar «på vidaregåande», medan det fyrre var meir generelt um sidemål «på skulen». Ei samanlikning kann difor verta vand. Spørsmålet fekk ei svarfordeling som i tab. 26. Der gjev eg både absolutte tal og prosenttal.

	gutar, nynorsk	gjentor, nynorsk	gutar, bokmål	gjentor, bokmål	gjentor, bokmål	
					Austlandet	elles i landet
for	4 (57,1%)	28 (93,3%)	7 (70,0%)	24 (64,9%)	9 (81,8%)	15 (57,7%)
imot	0	1 (3,3%)	3 (30,3%)	9 (24,3%)	1 (9,1%)	8 (30,8%)
veit ikkje	3 (42,9%)	1 (3,3%)	0	4 (10,8%)	1 (9,1%)	3 (11,5%)

sum	7 (100,0%)	30 (99,9%)	10 (100,0%)	36 (100,0%)	11 (100,0%)	26 (100,0%)
-----	---------------	---------------	----------------	----------------	----------------	----------------

Tab. 26. Sidemål på vidaregåande.

I gjennomgangen av Nidaros-undersøkjningi kommentera eg at det er nynorsk som hev mest å tapa på ei avskipping av sidemålsordningi: «Alle dei tri nynorskbrukarane [...] er fylgjeleg for obligatorisk sidemål i grunnskulen.»

Me ser at det framleis er nynorskbrukarar som er mest for sidemål, med nynorskjentone på topp. Dei få nynorskgutane er likavel so kløyvde at dei faktisk kjem heilt på botnen: Bokmålsbrukarane, jamvel gutane, er tydeleg meir positive til sidemålsordningi enn nynorskgutane.

Av bokmålsbrukarane er gutane i snitt meir positive til sidemål enn gjentone, men deler me gjentone inn etter geografien, so er den eine gjentegruppa meir positiv enn gutane. Noko yverraskande er det gjerne kven som er mest positive og mest negative, og at det er so stor skilnad på gruppone: Av bokmålsjentor frå Austlandet er 81,8% for og 9,1% imot sidemål; av bokmålsjentone frå resten av landet er 57,7% for og 30,8% imot. Jamvel um det er uvisst kven som skal reiknast som «populasjon» med eit so sterkt utsila informanttilfang, so er denne skilnaden likavel so stor at han må sjåast på som sers forvitnelegt, um ikkje som eit heilt spesielt samantreff som neppe kann henda so veldig ofte. Nær alle austlandsgjentone (9 av 11) er for sidemål, medan dette berre gjeld for litt yver helvti av hine bokmålsjentone (15 av 26).

For bokmålsgutane er dette snutt på hovudet, og spesielt dersom me ser burt frå dei tvo som kjem frå Austlandet. Begge dei er imot sidemål, og dermed er det bokmålsgutane frå resten av landet som er for (minus éin av dei). Dette siste kann ein ikkje lesa or tabellen.

Eg kann med godt samvit segja at dette resultatet var uventa. Då eg presentera tali for informantane etterpå, var dei lika forbina som eg, i all vensem vart eg jamvel skulda for å hava rengt på registreringane. Då me endeleg fekk summa oss, kom drøsen um korleis dette kunde hanga saman. Sume peika på at informantane — dei sjølve — ikkje var representative for folk flest, sidan dei var studentar. Likavel kjem ein ikkje undan at *alle* informantane var studentar, og at alle då skulde vera lika lite representative. Ein annan teori, som kom frå meg og galdt bokmålsjentone, var at bokmålsjentor frå «resten av landet» møter nynorsk oftare enn gjentone frå Austlandet. Slik kann dei hava sterkare kjenslor imot nynorsk, og dermed sidemål, enn austlandsgjentone. Det kann rett og slett vera eit spursmål um kor mykje dei lèt seg engasjera av spursmålet, og ein vert gjerne meir engasjera når det er meir aktualisera for ein at det faktisk finst tvo ulike målformer, noko som helst skjer mindre på Austlandet enn elles i landet. Denne teorien tykkjest meg likavel heller uviss, jf. avsnitt 2.2.2, der eg gjorde framlegg um at aksepten for sidemåls-målformi aukar når ein møter henne oftare.

Eg torer ikkje å koma med andre teoriar, og eg vil heller ikkje hevda noko um kor mykje det kann vera i svarframleggi yver. Materialet er lite, og det trengst andre slags etterrøknader for

å koma fram til noko vissare.

3.2.3. Skriftnormsorientering

Dei tvo siste spursmåli var: «Korleis vil du sjølv skrive bokmål?» og «Korleis vil du sjølv skrive nynorsk?». Motivasjonen for desse spursmåli var det inntrykket eg som vanleg språkbrukar hev av at nynorsk vert reikna som eit «dialektspråk» («skriv som du talar»), medan ein er meir tradisjonstru mot bokmål.¹ Svarhøvi var: «så nær dialekten min som mogleg», «så nær ein annan dialekt som mogleg — kva for ein dialekt?», «så nær nynorsk som mogleg» (for bokmål), «så nær bokmål som mogleg» (for nynorsk), «på ein annan måte» og «veit ikkje». Under «annan dialekt» og «annan måte» vart det altso bede um utfyllande opplysningar.

Merk at ordlyden i spursmåli er «vil du sjølv skrive», ikkje «skriv du». Det kann vera skilnad på korleis folk skriv og korleis dei prinsipielt meiner dei skulde hava skrive; og det kann vera folk som det er heilt hypotetisk for å skriva på den målformi som dei ikkje skriv på til vanleg, jamvel um dei er pålagde å gjera det til eksamen nokre månader inn i framtidi.

Der ein informant hev gjeve tvo svar, hev eg ført opp halve informanten på kvart av svari. Dette skjedde med éin bokmålgut på spursmålet um bokmål og éi nynorskjenta på spursmålet um nynorsk. Ei bokmålgjenta som skreiv at ho ikkje vilde skriva nynorsk (og ikkje kryssa av på noko anna), er klassifisera under «veit ikkje». Svari vart som i tab. 27 og 29. I tab. 28 og 30 tek eg fyre meg gjentone² og reider for dei opne svari med ei litt onnor inndeling. I tab. 28 vil det sjølv sagt «eigen dialekt» og «sudaustnorsk/Oslo» falla saman for dei fleste austlendingane. Ho einaste bokmålsaustlendingen som kryssa av på «annan dialekt» der, var frå Larvik i Vestfold og førde opp «Oslo-dialekten» som ideal. Ein kann samstundes venta for tab. 30 at bokmålsaustlendingane kann oppliva eit samanfall millom «bokmål» og «eigen dialekt». Dei tvo gjentone der som kryssa av på «eigen dialekt», var frå Sarpsborg i Austfold og Sør-Aurdal i Oppland. Eg vil då tru at dette umgrøpssamanfallet vilde vera minst aktuelt for henne frå Oppland.

				gjentor, bokmål	
gutar, nynorsk	gjentor, nynorsk	gutar, bokmål	gjentor, bokmål	Austlandet	elles i landet

¹Eg skal ikkje freista å løyna her at eg, som mange andre nynorskbrukarar i universitetsmiljøet og annanstads, hev eit syn på korleis nynorsk skal normerast. Med målføringi i denne oppgåva er det vel ogso fånyttas å segja noko anna enn at eg er tradisjonalist og les *Vestmannen* på sengi. Dette kann sjølv sagt hava vore med på å gjeva svarhøvi i desse tvo spursmåli på skjemaet, men det må i tilfelle hava vore umedvite. Det er liten nytte i å søkja studnad for eige normeringssyn i ein etterrøknad dersom etterrøknaden er laga slik at studnaden kjem korso. Eit anna spursmål er kva slags studnad ein kann venta å få for normeringssynet sitt dersom ein, som her, spyr etter normideal som ein i utgangspunktet ventar skal vera i strid med eins eige ideal. Eg trur difor å hava mitt på det turre.

²Eg tek fyre meg gjentone serskilt fordi det er flest av dei, og fordi bokmålgjentone, som fyrr skrive, er mange nok til å kløyvast i tvo.

eigen dialekt	6 (85,7%)	7 (23,3%)	2,5 (25,0%)	20 (54,1%)	7 (63,6%)	13 (50,0%)
annan dialekt	0	1 (3,3%)	3,5 (35,0%)	5 (13,5%)	1 (9,1%)	4 (15,4%)
nynorsk	0	11 (36,7%)	0	1 (2,7%)	0	1 (3,8%)
anna	0	6 (20,0%)	2 (20,0%)	4 (10,8%)	0	4 (15,4%)
veit ikkje	1 (14,3%)	5 (16,7%)	2 (20,0%)	7 (18,9%)	3 (27,3%)	4 (15,4%)
sum	7 (100,0%)	30 (100,0%)	10 (100,0%)	37 (100,0%)	11 (100,0%)	26 (100,0%)

Tab. 27. Normideal for bokmål.

	nynorsk	bokmål, Austlandet	bokmål, elles
eigen dialekt	7 (23,3%)	7 (63,6%)	13 (50,0%)
sudaustnorsk/ Oslo	2 (6,7%)	1 (9,1%)	5 (19,2%)
aviser/lære- bøker/NRK	4 (13,3%)	0	1 (3,8%)
nynorsk	11 (36,7%)	0	1 (3,8%)
«gamaldags»	1 (3,3%)	0	2 (7,7%)
veit ikkje	5 (16,7%)	3 (27,3%)	4 (15,4%)
sum	30 (100,0%)	11 (100,0%)	26 (99,9%)

Tab. 28. Bokmålsideal for gjentor med umsyn til dei opne svari.

	gjentor, bokmål					
	gutar, nynorsk	gjentor, nynorsk	gutar, bokmål	gjentor, bokmål	Austlandet	elles i landet
eigen dialekt	7 (100,0%)	26,5 (88,3%)	5 (50,0%)	18 (48,6%)	2 (18,2%)	16 (61,5%)

annan dialekt	0	0	0	0	0	0
bokmål	0	1 (3,3%)	2 (20,0%)	9 (24,3%)	4 (36,4%)	5 (19,2%)
anna	0	0,5 (1,7%)	2 (20,0%)	1 (2,7%)	1 (9,1%)	0
veit ikkje	0	2 (6,7%)	1 (10,0%)	9 (24,3%)	4 (36,4%)	5 (19,2%)
sum	7 (100,0%)	30 (100,0%)	10 (100,0%)	37 (99,9%)	11 (100,1%)	26 (99,9%)

Tab. 29. Normideal for nynorsk.

	nynorsk	bokmål, Austlandet	bokmål, elles
eigen dialekt	26,5 (88,3%)	2 (18,2%)	16 (61,5%)
«nynorsk-dialekt»	0	0	0
aviser/lære-bøker/NRK	0	1 (9,1%)	0
bokmål	1 (3,3%)	4 (36,4%)	5 (19,2%)
«gamaldags»	0,5 (1,7%)	0	0
veit ikkje	2 (6,7%)	4 (36,4%)	5 (19,2%)
sum	30 (100,0%)	11 (100,1%)	26 (99,9%)

Tab. 30. Nynorskideal for gjentor med umsyn til dei opne svari.

Sidan desse tvo spørsmål er noko perifere i ei oppgåva um språkhaldningar, skal eg ikkje bruka store plassen på dei. Hovudtendensen ser me likavel tydeleg: Meir i nynorsk enn i bokmål er det eigen dialekt som er normidealet; dette gjeld alle gruppone, med undantak av bokmålsgjentone frå Austlandet, som hev ei sterkare dialektoriering for bokmål enn for nynorsk.

Samanliknar me svari internt for kvart av spørsmål, ser me at for nynorsk er det ogso «eigen dialekt» som hev dei høgste prosenttali i mest alle informantgruppone. Undantaket er

atter bokmålgjentone frå Austlandet, som er meir uvisse («veit ikkje») og bokmålsorientera.

For bokmål er det «eigen dialekt» som ligg øvst for gutane og alle bokmålgjentone, og spesielt dei frå Austlandet. Nynorsk gjentone er heller spreidde, men største svaret er «nynorsk». I prosent er det på lag lika mykje nynorskorientering der som det er bokmålsorientering for nynorsk millom bokmålgjentone frå Austlandet.

Um me skal taka ei kjapp avrunding på desse tvo spursmåli, so vert altso konklusjonen at eg hadde rett i kjensla mi: Eigen dialekt er eit sterkare normgrunnlag i nynorsk målbruk enn i bokmålsk. Dette gjeld likavel ikkje gjentor frå Austlandet, og det er stort rom for eigen dialekt ogso i bokmål. Eit anna spursmål (som me ikkje fær svar på her) er um dialektorientera folk utnyttar valfridomen i bokmål og nynorsk lika mykje. Som vanleg norsk språkbrukar er inntrykket mitt at nynorskbrukarar veit at ein kann skriva både *naudsynt* og *nødvendig*, *leggja* og *legga*.¹ Men det er mange som hev vorte forbina når dei hev sétt at bokmål tillèt former som *frå*, *måndag*, *kjærleik*, *semje*, *væra*, *ho*, *keisam* og *idest*. Det skulde ikkje undra meg mykje um valfridomen i nynorsk rettskriving er meir utnytta enn den i bokmål er.

Det kann vera mange grunnar til at nynorsk slik vert reikna som eit dialekttufta skriftmål der kvar ein kann kjenna seg friare til å dyrka si *eigi* rettskriving. Nynorsken hev vorte marknadsförd som eit dialektnært språk, ein hev gjerne lagt vekt på å framheva den store valfridomen, og ikkje minst hev ein nytta slagordet «snakk dialekt, skriv nynorsk», som bind tale og skrift direkte med kvarandre. Sjølv sagt hev ein ogso meir tradisjonalistiske strøymingar, til liks med bokmål og riksmål, men ikkje i den aktive marknadsføring. Bokmål treng knapt marknadsføring, og soleis hev ein heller ikkje trunge å argumentera for det t.d. ved å visa til den store valfridomen som er der. Soleis skulde det vera lett å identifisera nynorsk meir enn bokmål som eit dialektspråk med større individuell variasjon. Merk at eg ogso her talar um den upplivde normi, ikkje den praktiske målføringi.

Ein kann her merkja seg at landsmålet med den rettskrivingi som eg sjølv nyttar i denne oppgåva (1917 med eldre former, innslag frå eldre normalar, gjerne kalla «vestmannanormalen»), i si tid vart marknadsført under heilt andre motto. Rundt 1917 var det det nasjonale momentet som var argumentet for målformi.²

3.3. Uppsummering av Volda-undersøkjingi

Det var tri slags spursmål som vart gjevne til studentane i Volda: estetiske, um sidemålsordningi og um skriftideal. Eit gjennomgangstema hev vore gjentone med bokmålsbakgrunn. Bokmålgjentone frå Austlandet var markant meir positive til si eigi målform estetisk sétt enn

¹Som illustrasjon på det fyrste dømet kann eg taka ein gong ein bokmålsbrukar spurde meg um kvifor eg ikkje skreiv «nødvendig», for det var lov, visste han. Det andre dømet var det ein nynorskbrukande journalist som kom med, då han takka for korrekturlesingi med at han helst vilde stryka j-en, i samsvar med eigen dialekt, dessutan var det lov.

²Argumentet for sjølv *normeringi* var etymologisk, rett nok med ein del ortofone innslag i 1917; men dét ordskiftet er eit anna.

andre bokmålgjentar; dei var òg meir positive og mykje mindre negative til sidemål enn hine bokmålgjentone var.

Me hev ogso sétt at bokmålsbrukarane er meir estetisk positive til nynorsk enn nynorskbrukarar er til bokmål; dette treng *ikkje* vera i strid med det eg skreiv um Nidaros-informantane, der eg (rett nok med eit stort atterhald fordi materialet var altfor lite) gjorde framlegg um at nynorskbrukarar var meir positive til hi målformi enn motsett fordi dei er meir vane med begge enn bokmålsbrukarar er. Den utsegnen kom nemleg i samband med domeneavgrensing for dei tvo målformene, og det kann gjerne vera skilnad på domene og estetiske vurderingar. Merk då at i Volda vart ikkje domeneavgrensingane undersøkte. Derimot såg me på den statistiske spreidingi at bokmål hev ein viss posisjon hjå nynorskgjentar, snittkarakteren til trass.

Eit generelt atterhald når me samanliknar austlandsgjentone med andre gjentar, anten det er bokmål eller nynorsk dei skriv, er at austlandsgjentone var få, berre elleve stykke. Same kva, so er resultatet på sentrale punkt so markante at det måtte vera litt av eit samantreff at nett desse gjentone skulde koma samstundes til Volda akkurat no.

Til slutt såg me òg at nynorsk meir enn bokmål vert reikna som ei målform der ein helst held seg nær dialekten sin. Merk at det ikkje var snakk um kva målform som liknar mest på dialekten i utgangspunktet, men um *rettesnori* for korleis ein skriv. Eg freista å forklåra denne tendensen med måten som nynorsk hev vorte marknadsført på.

4. Konklusjon

4.1. Undersøkingane generelt

Eg hev teke fyre meg tvo undersøkingar um haldningar til dei norske skriftmåli. Når det hev vore vandt å jamføra dei med kvarandre, kjem det ikkje berre av at spursmåli i dei hev vore noko ulike. Viktugare hev det nok vore at analysegrunnlagi hev vore endå meir ulike. I Nidaros var det soleis ei fin kvantitativ fordeling av gitar og gjentor på AVH og NTH: Eg hadde ti av kvar gruppa. Men mest alle var bokmålsbrukarar, slik at eg berre med store atterhald kunde nytta eigi målform for variabel. I Volda var det motsett: Der var det rikelegt av både bokmålsbrukarar og nynorskbrukarar. Til gjengjeld var det svært få gitar der i høve til gjentor. Når me då ser at nynorskbrukarane i Volda er estetisk meir negative til bokmål enn bokmålsbrukarane er til nynorsk, so må me vera varsame med å segja at dette gjeld generelt. Det fanst mange gjentor å taka av, men heller få gitar.

Tek ein atterhald um alle feilkjeldone, kann me likavel segja at det finst skilnader millom haldningane til dei tvo målformene, og at haldningane ogso er ulike alt etter um ein undersøker bokmålsbrukarar eller nynorskbrukarar.

Nett her kann det liggja ei foll. Eg hev sétt på kva nynorsk- og bokmålsbrukarar meiner seg å meina um målformene — eller med andre ord: Eg hev gjenge ut ifrå at det er rett å dela inn informantane i fyreátdefinera grupper etter hovudmålet. Skulde det ikkje vera meir naturlegt å *fyrst* sjå på materialet, og *deretter* finna ut kven som meiner det eine og det andre?

Ein må korso spyrja seg kva ein i det heile teke hev observera når det faktisk er skilnader millom språkbrukargruppone, apriorisk definera som dei enn er. Kann me ikkje halda styr på alle sosiale variablar som kjem informantane ved, so kann me i alle fall halda styr på hovudmålet deira, og det skulde vera ei rettkomi von at både bokmålsbrukarar og nynorskbrukarar hev den same sosiale variasjonen elles. Soleis skulde det vera greidt å vera apriorisk på dette viset so lenge ein røkjer etter korleis *grupper* er, reint kollektivt, når me (eksplisitt eller, som her, implisitt) reiknar med at gruppone er lika heterogene, då med undantak av den distinktive inndelingsvariabelen (her: hovudmålet). Å dela inn informantane i grupper *aposteriorisk* vilde i alle fall vera ein god måte å gjera det på i ein meir individorientera, kvalitativ etterøknad.

Slik må eg ogso vera varsam med å hevda kausalsamband i korrelasjonane som eg hev funne.

4.2. Teoretiske og metodologiske konsekvensar

I Nidaros-undersøkingi såg me at det kann vera eit samspil millom estetiske vurderingar og haldningi til obligatorisk sidemålsundervising (avsnitt 2.3). Samstundes må me hava klårt fyre oss at dette samspilet gjerne kann vera konsekvensar av eit sams grunnlag heller enn at det er

ein kausalsamanheng internt millom dei. I Volda-undersøkjingi såg me ogso at me må taka umsyn til at estetiske vurderingar ikkje er det same som domenevurderingar (avsnitt 3.3). Dette tyder då at me i undersøkjingar av dette slaget bør halda estetiske vurderingar, domenevurderingar og språkpolitiske vurderingar åtskilde. I umtalen av umgrøpet 'prestisje' snakka eg òg um ei trideling, då var det estetikk, domene og tilknytnad som var inne i bilætet. Sidemålspolitikk og tilknytnad er ikkje det same; me må heller reikna med at haldningi til sidemålsordningi hev å gjera med både prestisje generelt saman med høvet millom det affektive og det kognitive elementet i språkhaldningane.

Ein annan slags komplikasjon fekk me då me i Nidaros observera me at det er «dårlegare kår for nynorsken på NTH enn på AVH. Men dette er stikk i strid med dei fleste observasjonane elles!» (avsnitt 2.3). Sameleis upplivde me i Volda (avsnitt 3.2.2) at av «bokmålsdjentor frå Austlandet er 81,8% for og 9,1% imot sidemål; av bokmålsdjentone frå resten av landet er 57,7% for og 30,8% imot. [...] Då eg presentera tali for informantane etterpå, var dei lika forbina som eg, i all vensemnd vart eg jamvel skulda for å hava rengt på registreringane.»

Her ser det altso ut til at dei individuelle haldningane er noko ulike dei haldningane som informantane upplivde som reelle i miljøet kring seg, og som dei meir eller mindre friviljigt kunde vera *praktisk* konforme mot (det konative elementet). Denne skilnaden millom individuelle løynde haldningar og kollektive «skinhaldningar» kunde ein ikkje sjå på med spyrjeskjemai mine, og eg hev heller ikkje problematisera høvet millom individ, reelt kollektiv og upplivt kollektiv noko serleg.

Eit freistande spursmål er då kva 'prestisje' er når me skal taka umsyn til dette. Er det tale um kva kvart individ, eventuelt summen av individ, meiner um og føler for eller imot eit språk? Eller er det tale um kva folk *uppliver* som gjengs haldning? Sett på spissen: Dersom bokmål vert rakka ned på av alle som éin i eit samfund, samstundes som alle i røyndi tykkjer vel um målformi, men trur at alle andre tykkjer vondt um henne: hev bokmål i ei slik stoda høg eller låg prestisje? Ein kunde hava sagt at bokmål då vil hava løynd prestisje; men den løynde prestisjen er gruppeavhengig, han hev å gjera med gruppetilhøyrsla (avsnitt 1.3), og kva er den målslege gruppetilhøyrsla dersom alle trur at alle meiner noko anna enn det dei i røyndi gjerer?

Dersom eg i skjemai mine ogso havde spurt informantane um kva dei trudde at andre meinte, so vilde eg kanskje hava fenge nokre endå meir forvitnelege svar enn dei eg allereide hev fenge.

Dei tvo undersøkjingane mine hev ikkje vore av det store og skrøyvande slaget, men dei hev gjeve grunn til å problematisera nokre sentrale umgrøp og tenkjemåtar ved haldningsgranskingar som desse. Lat då dette vera mi litle yting på umkvervet. Eg vonar det ikkje var fånyttas.

Litteraturlista

- Abrahamsen, Jardar Eggesbø 1991. *Palatal-tale-tal. Litt om palatalisering i Herøy og øyluten av Sande på Ytre Søre Sunnmøre, med hovudvekt på det synkrone høvet mellom palatalisering og avpalatalisering.* (Uprenta storfagsoppgåva.) MRDH Volda.
- Blakar, Rolv Mikkel 1975. *Språk er makt.* Oslo: Pax forlag.
- Fasold, Ralph 1992. *The Sociolinguistics of Society.* Oxford (UK) – Cambridge (USA): Blackwell.
- Fishman, Joshua 1968. «Sociolinguistics and the language problems of developing countries» I: Fishman, Ferguson og Das Gupta (red.) 1968: *Language Problems of Developing Nations.* Ny-York: John Wiley and Sons, s. 3–16.
- Gulbrandsen, Per P. 1977. «Hvor går de øst-norske bymåla?» I: *Språklig samling 1/77:14–17.*
- Hudson, R.A. 1980. *Sociolinguistics.* Cambridge: Cambridge University Press.
- Nersten, Nils K. 1967. *Målbryting i Årdal sokn i Bygland.* (Uprenta hovudoppgåva.) Oslo.
- Sandøy, Helge 1989. *Norsk dialektkunnskap.* Oslo: Novus.
- Sjølund, Arne 1985. *Gruppepsykologi.* Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Trudgill, Peter 1974. *Sociolinguistics. An introduction.* Harmondsworth.
- Venås, Kjell 1991. *Mål og miljø.* (3. utgåva.) Oslo: Novus.
- Aarset, Arne 1974. *Osmålet. Et Hordalandsmål i forandring.* (Uprenta hovudoppgåva.) Bergen.

Vedlegg

Vedlegg 1: Nidaros-skjemaet

1. Studium dette semesteret: _____
2. Kva kjønn er du?
 - a. gut
 - b. jente
3. Kva var hovudmålet ditt på vidaregåande?
 - a. bokmål
 - b. nynorsk
4. Kva år er du fødd? _____
5. Kvar er du oppvaksen? Kommune: _____ Fylke: _____
6. Har dialekten din opphavet sitt der?
 - a. ja
 - b. nei: _____
7. Kva meiner du om din eigen dialekt?
 - a. fin
 - b. passe
 - c. stygg
8. Kva meiner du om bokmål?
 - a. fint
 - b. passe
 - c. stygt
9. Kva meiner du om nynorsk?
 - a. fint
 - b. passe
 - c. stygt
10. Kjenner du til «skjemtenamn» på bokmål (av typen «brokmål»)? Rams opp dei du veit om!

11. Kjenner du til «skjemtenamn» på nynorsk (av typen «spynorsk»)? Rams opp dei du veit om!
12. Kjenner du til «bokmålske gloser» (av typen «Jotunhjemmet» for «Jotunheimen»)? Rams opp!
13. Kjenner du til «nynorske gloser» (av typen «ringebu» for «telefonkiosk»)? Rams opp!
14. Er du for eller imot sidemål på skulen?
 - a. for
 - b. imot
 - c. veit ikkje
15. Er du for eller imot bokmålsk teksting av Detektimen?
 - a. for
 - b. imot
 - c. veit ikkje
16. Er du for eller imot nynorsk teksting av Detektimen?
 - a. for
 - b. imot
 - c. veit ikkje
17. Er du for eller imot bokmål på Dagsrevyen?
 - a. for
 - b. imot
 - c. veit ikkje
18. Er du for eller imot nynorsk på Dagsrevyen?
 - a. for
 - b. imot
 - c. veit ikkje
19. Universitetet i Trondheim, AVH, er meldt til politiet for å ha brote mållova (mange skjema ligg føre berre på bokmål, dei skal liggje føre på begge målformene). Kva meiner du om dette?
 - a. Det var på sin plass å gå til politiet.
 - b. Det var tåpeleg å gå til politiet.
 - c. veit ikkje

20. I kva situasjonar er du vanlegvis i kontakt med bokmål?
- a. faglitteratur
 - b. skjønnlitteratur (irekna teikneseriar og billeromanar)
 - c. aviser
 - d. radio og fjernsyn
 - e. private brev
 - f. offentlege institusjonar (universitet, lånekasse...)
21. I kva situasjonar er du vanlegvis i kontakt med nynorsk?
- a. faglitteratur
 - b. skjønnlitteratur (irekna teikneseriar og billeromanar)
 - c. aviser
 - d. radio og fjernsyn
 - e. private brev
 - f. offentlege institusjonar (universitet, lånekasse...)
22. Kva er den beste målforma å bruke i dikt?
- a. bokmål
 - b. nynorsk
 - c. ingen skilnad
23. Kva er den beste målforma å bruke i faglitteratur/lærebøker?
- a. bokmål
 - b. nynorsk
 - c. ingen skilnad

Vedlegg 2: Volda-skjemaet

1. Fødselsår: _____

2. Kva kjønn er du?
 gut
 jente

3. Kvar er du oppvaksen? Kommune: _____ Fylke: _____

4. Har dialekten din opphavet sitt der?
 ja
 nei: _____

5. Kva var hovudmålet ditt på vidaregåande?
 bokmål
 nynorsk

6. Kva meiner du om din eigen dialekt? Set ring rundt det talet på skalaen som passar best.
stygg 1 — 2 — 3 — 4 — 5 fin

7. Kva meiner du om bokmål?
stygt 1 — 2 — 3 — 4 — 5 fint

8. Kva meiner du om nynorsk?
stygt 1 — 2 — 3 — 4 — 5 fint

9. Kva meiner du om obligatorisk sidemål på vidaregåande?
 for
 imot
 veit ikkje

10. Korleis vil du sjølv skrive bokmål?
 så nær dialekten min som mogleg
 så nær ein annan dialekt som mogleg — kva for ein dialekt? _____
 så nær nynorsk som mogleg
 på ein annan måte: _____
 veit ikkje

11. Korleis vil du sjølv skrive nynorsk?

så nær dialekten min som mogleg

så nær ein annan dialekt som mogleg — kva for ein dialekt? _____

så nær bokmål som mogleg

på ein annan måte: _____

veit ikkje